


Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

2021-2027

Vestland fylkeskommune

Innhald

1. FN sine berekraftsmål og vern gjennom bruk 6

2. Om restaureringsplanen 7

3. Bakgrunn for rulleringa av restaureringsplanen 9

3.1 Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2014 9

3.2 Organiseringa av arbeidet med rulleringa av restaureringsplanen 9

3.3 Erfaringar med istandsetjingsprosjekta i perioden 2014 til 2020 10

3.4 Andre typar kulturminne i verdsarvområdet 11

3.5 Forankring av restaureringsplanen 11

4. Målsetjing med planen 13

5. Tilhøvet til lovverket 13

6. Viktige moment å hugse på ved planlegging av eit restaureringsprosjekt 15

6.1 Planlegging av istandsetjing 15

6.2 Søknadar om løyve frå forvaltninga 16

6.3 Søknadar om tilskot 16

7. Klimatilpassing 17

8. Vurderingskriterier 17

9. Oversikt over prioriterte kulturminne 18

9.1 Bygningar Aurland kommune 18

9.2 Kulturmiljø Aurland kommune 22

9.3 Andre typar kulturminne og kulturmiljø Lærdal kommune 23

9.4 Andre typar kulturminne og kulturmiljø Vik kommune 23

9.5 Andre typar kulturminne og kulturmiljø Voss herad 23

10. Omtale og vurderingar av nye kulturminne i planen 24

10.1 Kulturmiljø på Ramsøy i Aurland, krigsminne, bygningsmiljø og kulturlandskap 24

10.2 Kulturlandskapet i Undredal, Aurland 27

10.3 Gamlevegen frå Undredal til Melhus og Langhuso, Aurland 28

10.4 Kulturmiljøet på Melhus 30

10.5 Kulturmiljøet på Langhuso 31

10.6 Stølsvegen frå Langhuso til Jonadalen og Fessene, Aurland 33

10.7 Sti frå Undredal til Hovdungo, Aurland 34

10.8 Kulturlandskapet langs fjorden ved Stokko, Aurland 36

10.9 Kulturmiljøet ved Stigen, Aurland 38

10.10 Kulturmiljøet ved Nedbergo, Aurland 41

10.11 Kulturlandskapet på strekninga Bleiklindi – Styvi – Skalmenes, Aurland 44

10.12 Gamlevegen Gudvangen – Bakka, Aurland 47

10.13 Rimstigen til Breidalen, Aurland 48

10.14 Kulturmiljøet på Bakka og Tufto, Aurland 50

10.15 Kulturmiljøet i Dyrdal, Aurland 52

10.16 Kulturmiljøet på Hjølmo, Aurland 54

10.17 Kulturmiljøet på Skogane 56

10.18 Kulturlandskapet på Bortomteigane, Aurland 57

10.19 Fronnes og Frondalen 59

10.20 Kongevegen i Nærøydalen 61

10.21 Hemri/Hemre, Aurland 63

10.22 Husmannsplassen Hausen i Lærdal 64

10.23 Stølsvegen frå Engi til Helgedalen, Vik 66

10.24 Stølsvegen frå Engi til Fresvikjordalen med Fresvikvarden, Vik 67
10.25 Lægdavegen, Vik 71
10.26 Nåli, Voss 73
10.27 Kulturminna i Stalheimskleiva, Voss 75
10.28 Øvsthus og Fyrestølen, Voss 79
11. Nye bygningsomtalar 81
11.1 Håvasete 81
11.2 Lintu 81
11.3 Suvenirbutikken Gamlo i Gudvangen 82
11.4 Bustadhus og driftsbygning på gb.nr. 65/4 og driftsbygning på gb. 65/6 på Bakka 83
11.5 Stølsvollen på Lægdene 85
12. Kulturminne og kulturmiljø som må omtalast ved neste revidering 85
13. Vedlegg 86
Vedlegg 1: Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2014 86
Vedlegg 2: Status for istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet 86
Vedlegg 3: Restaureringsrettleiar 86
14. Kjelder 87

I innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista vert dei kulturhistoriske verdiane i området trekt fram.

«Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»

UNESCO vart oppretta i 1945 då representantar frå 45 land kom saman for å etablere ein organisasjon som kunne bidra til ein varig fredskultur. Den er FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon, og har som mål å bidra til fred og sikkerheit gjennom samarbeid og utveksling av kunnskap og idear over landegrensene. Lista over den unike kultur- og naturarven vart oppretta gjennom Konvensjonen for vern av verdens kultur- og naturarv (World Heritage Convention). Lista er etablert på bakgrunn av at nokon av verdens byggverk og naturområde har ei så stor betyding at tapet av dei ville vere uerstatteleg for menneskeheita. Dette er kultur- og naturarv som har ein så stor verdi at verda har eit felles ansvar for å ta vare på desse stadane.

Noreg ratifiserte verdsarvkonvensjonen i 1977 og dei to første innskrivingane, Urnes stavkyrkje og Bryggen i Bergen kom i 1979. I 2005, med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap, fekk Norge sitt første reine naturområde innskrive på lista. Sjølv verdsarvområdet er innskrive som eit naturområde, har også den kulturelle dimensjonen i området blitt tatt med i innskrivinga og er ein viktig del av den samla verdien av området.

Restaureringsplanen har som mål å bidra til at verdiane til kulturminna i verdsarvområdet vert tatt vare på i eit langsiktig perspektiv, og gjennom dette bidra til å oppretthalde verdsarvområdet sine einestående universelle verdiar. Kulturminna i verdsarvområdet representerer mange ulike verdiar og moglegheiter knytt til kunnskap, oppleving og bruk. Ved å setje istand kulturminna på ein god måte kan dei brukast, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane dei har vert tatt vare. Godt bevarte kulturminne bidreg også til å skape grunnlag for verdiskaping, kunnskapsbygging og gode opplevingar i verdsarven.

1. FN sine berekraftsmål og vern gjennom bruk

I 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla er verden sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og å stoppe klimaendringane innan 2030. Arbeidsplanen består av 17 mål og 169 delmål. Der måla skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Restaureringsplanen vil vere eit verktøy til å nå FN sine berekraftsmål. Av dei 17 måla er det spesielt mål 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn, delmål 11.4 Styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv, som ei istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet vil bidra til å nå. I tillegg vil istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet bidra til å nå berekraftsmål 13. Stoppe klimaendringane og 15. Livet på land.



Vedlikehald og bruk av verneverdige bygningar er eit godt verkemiddel i arbeidet med FN sine berekraftsmål. Kulturminna våre representerer verdifulle ressursar på fleire nivå frå det materielle og bruk, til oppleving og kunnskap. Bruk av kulturminnet er ofte føresetnaden for bevaringa av det i eit langsiktig perspektiv. Det er her avgjerande å finne ein bruk av kulturminna som tek vare på dei kulturhistoriske verdiane det har, samstundes som at det skal kunne fungere til å dekke nokon av dagens behov. Istandsetjing av gamle ferdslevegar og stiar for å kunne brukast av allmenta til å kome seg ut i naturen er typiske tiltak der bevaring av eit kulturminne også bidreg til ny og utvida bruk. Utløer som ikkje lenger har nokon funksjon som løe, kan med enkle grep få ein ny funksjon som til dømes lager for reiskap som ein treng for å skjøtte landskapet. Eit godt døme på ny bruk av eit kulturminne etter istandsetjing er løa på Gudvangen gard. Etter at bygningen var sett istand har eigar tilpassa den til ny bruk i tilknyting til campingplassen. Her har eigar gjort ein god jobb med å balansere behova knytt til ny bruk, med bevaring av bygningen sine kulturhistoriske verdiar.

2. Om restaureringsplanen

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er innskrive på UNESCO si verdsarvliste som eit naturområde og i innskrivinga er det naturen som har fått mest merksemd. I innskrivinga etter kriterie III kjem tilhøvet til kulturminna fram som ein viktig verdi som tilfører området ein kulturell dimensjon. Noko som vert omtala på fyljande måte:

> «Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»


I *Stortingsmelding nr 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold* vert det trekt fram at forvaltninga av «verdsarvområdene skal utvikles som fyrtårn for beste praksis innenfor natur- og kulturmiljøforvaltningen, samt å prioritere og sikre den verdensarven vi har i dag.»[1] *Utviklingsplan for Vestland 2020-202., Regional planstrategi* nemner verdsarven direkte i mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, strategi 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, der vi seier at UNESCO-områda i Vestland bør bli vidareutvikla til fyrtårn for natur og kulturminneforvaltning. I *Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* er kulturarven eitt av innsatsområda der fylkeskommunen ynskjer å sikre ei berekraftig og utviklingsretta forvaltning og formidling med vekt på kulturminna sin eigenverdi, utvikle verdsarvstadane som kulturelle kraftsenter og bidra til oppbygging av kulturminnekompetanse i kommunane. I *Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025* er det to mål knytt til verdsarv:

1. Forvaltninga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring.
2. Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvaltning av verdsarven og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling.

Restaureringsplanen vil vere eit ledd i å nå desse måla i stortingsmeldinga og dei regionale planane.

Etter innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på UNESCO si verdsarvliste vart det utarbeida ein forvaltningsplan for delområdet Nærøyfjorden. Restaureringsplanen er ei konkretisering av forvaltningsplanen sine målsetjingar om kulturminna i verdsarvområdet og den omhandlar difor berre kulturminne som er innanfor grensene av verdsarvområdet.

[1] Stortingsmelding nr. 16 /2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken s. 69.



Figur 1. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Kart: askeladden.ra.no

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er eit arbeidsdokument for å setje i stand kulturminne i verdsarvområdet på best mogleg måte og omhandlar berre kulturminne i verdsarvområdet som har behov for ei eller anna form for istandsetjing. Ei fylje av dette er at ein del verneverdige kulturminne i verdsarvområdet ikkje er omtala i denne planen. For oversikt og meir informasjon om kulturminna i verdsarvområdet syner vi her til kulturminnedatabasen Askeladden, Kulturminnesøk og kulturminneplanar for kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss. Lenkjer til kommunale kulturminneplanar finn du i Kap. 12. i dette dokumentet, og på kommunane sine heimesider.

Istandsetjing av eit verneverdig kulturminne vedkjem ofte både eigar og den offentlege forvaltninga. Restaureringsplanen skal vere eit verktøy for å at ivaretakinga av kulturminna i verdsarvområdet vert eit døme på beste praksis slik at kulturminna i verdsarvområdet vert tatt godt vare på i eit langt perspektiv. For å kunne oppnå dette er det viktig med eit godt samarbeid mellom eigarane og forvaltinga då eigar er den som brukar og held vedlike kulturminnet. Medan den offentlege forvaltninga kan gje kulturminnet eit juridisk vern, bidra med råd og rettleiing, og yte tilskot til planlegging og gjennomføring av ei istandsetjing. Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark er her ein nyttig ressurs for dei som eig kulturminne i verdsarvområdet.

I tillegg til at planen skal vere eit verktøy for den offentlege forvaltninga ynskjer vi også at den skal vere eit verktøy for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet. Kap. 6 gjev difor råd og rettleiing for korleis ein skal gå fram med eit istandsetjingsprosjekt og vedlegg 3 gjev råd og rettleiing for ei antikvariskistandsetjing av bygningar. For kommunane, fylkeskommunen og verneområdestyret er det ynskjeleg å kunne delta tidleg inn i prosessane med istandsetjing av kulturminna i verdsarvområdet og vi vil oppfordre eigarane om å ta kontakt med oss tidleg i prosessen.

Planen er avgrensa til å omhandle berre nyare tids kulturminne (kulturminne frå tida etter 1536). Nokon kulturminne ligg i eit miljø med kulturminne av ulik alder og i nokon tilfelle kan tiltak på eit nyare tids kulturminne påverke eit automatisk freda kulturminne. Dette er noko fylkeskommunen og kommunane er merksame på i si sakshandsaming i samband med dei enkelte istandsetjingsprosjekta.

Då planen er eit arbeidsdokument er det viktig at den vert oppdatert jamleg. Det vert difor lagt opp til at den skal reviderast kvart 5 år. Dette for å oppdatere kva som er gjennomført og å oppdatere prioriteringslista over kva kulturminne som har behov for istandsetjing.

3. Bakgrunn for rulleringa av restaureringsplanen

3.1 Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2014

Bakgrunnen for å starte opp arbeidet med ein restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden var å fylje opp målsetjinga i Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, om at kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på for framtida. Eit av tiltaka i forvaltningsplanen er å utarbeide statusoversikt over kulturminne og kulturmiljø i området og arbeide for å sikre at eit representativt utval vert teke vare på for framtida.[2] Den første versjonen av *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden* (vedlegg 1) gav ei oppdatert statusoversikt over dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet, i tillegg til at den gav ei prioritering over kva bygningar som har behov for istandsetjing i framtida.

Arbeidet med restaureringsplanen vart finansiert med tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79, og arbeidet vart utført av Nærøyfjorden Verdsarvpark og arkitekt Jarle Sandvik.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune vart restaureringsplanen handsama politisk i hovudutval for kultur i HK-sak 44/14 der det vart gjort fyljande vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf. vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sit engasjement for bevaring og istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv

Med vedtaket i hovudutval for kultur vart restaureringsplanen retningsgjevande for Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt arbeid i verdsarvområdet. Administrasjonen i fylkeskommunen har fylgt opp vedtaket og har prioritert oppfylging av bygningar i verdsarvområdet som er omtalt og prioritert i planen i form av tilskot og råd og rettleiing.

3.2 Organiseringa av arbeidet med rulleringa av restaureringsplanen

Arbeidet med rulleringa av restaureringsplanen har vore leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune, frå januar 2020 av Vestland fylkeskommune. Planen har vore utarbeida i nært samarbeid med Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune, Voss herad, Hordaland fylkeskommune (til 2020), Nærøyfjorden verneområdestyre og Nærøyfjorden verdsarvpark.

Det har vore oppretta ei arbeidsgruppe bestående av deltakarar frå Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune, Voss herad, Nærøyfjorden verneområdestyre v/verneområdeforvaltar, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Vestland fylkeskommune. Gruppa har hatt fleire arbeidsmøte og gjeve innspel til innhaldet i planen, val av kulturminne i planen og prioriteringa av desse. I tillegg har det vore gjennomført fire felles synfaringar, ei i kvar av kommunane. Synfaringane har blitt organisert av vertskommunen som har valt ut kulturminne som dei meiner er viktige å ha med i planen.

Innleiande møte med kommunane og Nærøyfjorden Verdsarvpark vart gjennomført i 2018. Sogn og Fjordane fylkeskommune sendte den 12. april 2019 ut brev til alle kommunane og verneområdestyret med informasjon om at arbeidet med restaureringsplanen vart start opp.

20. januar 2020 vart det halde eit ope møte i Gudvangen for å informere om arbeidet med planen og for å få innspel frå innbyggjarane i verdsarvområdet om kulturminne som burde vere med i planen.

[2] Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap s. 37

Informasjon om arbeidet med rulleringa av restaureringsplanen vart også lagt fram for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap i deira møte 28. juni 2020.

3.3 Erfaringar med istandsetjingsprosjekta i perioden 2014 til 2020

Erfaringane med istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet så langt syner til fleire kritiske faktorar som må vere tilstades for at eit istandsetjingsprosjekt skal gå greitt. Vi ser at det er ulike utfordringar i prosjekta som har ført til at ein del istandsetjingar har tatt svært lang tid å få ferdig stilt og med til dels vekslande resultat, samt at nokon ikkje har blitt starta opp i det heile. I dei prosjekta som har fått eit godt resultat har viktige suksessfaktorar vore:

- eigar har planlagt prosjekta godt
- eigar har hatt ei tett oppfylging av arbeidet undervegs
- eigar har engasjert handverkarar med god kompetanse på istandsetjing av eldre bygningar
- god dialog med, og oppfylging frå fylkeskommunen/kommunen/verneområdeforvaltar i både forkant og undervegs i prosjektet.
- Nærøyfjorden Verdsarvpark yter råd og rettleiing til eigarar av i samband med søknadar om tilskot og rapportering på gjennomførte prosjekt.



Figur 2. Utløe på Stokko, eit godt døme på ei istandsetjing der dei antikvariske verdiane vart tatt vare på og eit prosjekt som vart ferdigstilt som planlagt. Foto Anbjørg Nornes

Erfaringane så langt syner at den viktigaste suksessfaktoren i samband med istandsetjing er eigarane. Eigar si medvit og kunnskap om kulturminneverdiane dei eig, samt kunnskap om kva ei restaurering er, er ein vesentleg faktor for å få til ei god istandsetjing. Fylkeskommunen, verneområdeforvaltninga, kommunane og Nærøyfjorden Verdsarvpark stiller med råd og rettleiing til alle eigarar som ynskjer å setje istand kulturminna sine og har gjerne ein tett dialog med eigarane.

Oversikt over status på istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet er i vedlegg 2.

3.4 Andre typar kulturminne i verdsarvområdet

Den opphavlege restaureringsplanen omhandla berre bygningar i verdsarvområdet. Denne avgrensinga vart gjort for at arbeidet med den første versjonen av restaureringsplan skulle bli overkommeleg. Eit resultat av dette er at vi ikkje har den same oversikta over andre typar kulturminne i området, og i samband med tildeling av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til kulturminne på verdsarvlista har desse kulturminna blitt handsama individuelt utan at det har lagt føre ei samla oversikt og prioritering av dei.

Då det vart gjort eit svært grundig arbeid med dokumentasjon og vurdering av bygningsmassen i den opphavlege restaureringsplanen, har det no vore mogleg å inkludere andre typar kulturminne i den reviderte restaureringsplanen. Utvalet av kulturminne baserer seg i hovudsak på eksisterande kunnskap i arbeidsgruppa om kulturminna i verdsarvområdet. Mange av kulturmiljøa/landskapa som er omtala i planen er godt dokumentert gjennom eigne skjøtselsplanar med forslag til tiltak for ivaretaking av det gjeldande området. I restaureringsplanen vert det difor vist til desse planane.

3.5 Forankring av restaureringsplanen

Vestland fylkeskommune sendte den 16./22. juni 2021 utkast til restaureringsplan til høyring hjå dei fire verdsarvkommunane, Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Nærøyfjorden verneområdestyre, samt at den vart lagt ut på våre heimesider slik at andre interesserte kunne kome med innspel.

Fylkeskommunen fekk inn fyljande innspel til utkast til restaureringsplan:

Aurland kommune styre handsama planen i møte den 23. september 2021 der dei gjorde fyljande samrøystes vedtak:

> *Rådmannen har ingen merknader til Restaureringsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2021-2026. Planen vert teken til vitande.*
> *Aurland kommune tykkjer det er flott at Vestland fylkeskommune har utarbeidd ny plan og at det vert sett av pengar til restaureringsarbeidet i Verdsarvområdet, slik at eigarar av viktige kulturminne og bygg kan få høve til å søkje om støtte til tiltak for å ivareta kulturarven.*

Lærdal kommune har i brev av 3. september 2021 komme med fyljande merknad til planen:

> *Vestland fylkeskommune har utarbeida revidert restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap, som no er på høyring.*
>
> *Lærdal kommune har lite areal innanfor planområde, og har ingen merknadar til omtalt område innan for Lærdal kommune sine grenser.*

Voss herad handsama utkast til restaureringsplan i Utval for kultur og næring i møte 6. oktober 2021, sak 35/21 der dei gjorde fyljande vedtak:

> *Voss herad ved Utval for kultur og næring sender fylgjande høyringssvar til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, 2021-2026:*
>
> *Voss herad støttar Vestland fylkeskommune sitt framlegg til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, 2021-2026. Me vil særleg trekka fram Stalheimskleiva som er eit særs viktig kulturminne i Voss, og er glade for at dette har fått ein sentral plass i planen.*

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har ved sekretariatet kome med uttale til utkastet til restaureringsplan der dei mellom anna uttalar:

> *«Kulturlandskapet/-miljøa i Vestnorsk fjordlandskap styrkar, som nemd innleiingsvis verdsarvstatusen. Det vert difor umåteleg viktig at all forvaltning, både formell og aktiv, legg til rette for og støttar opp under ivaretaking og verdiskapande bruk av prioriterte kulturmiljø.*
>
> *På same tide vert det særs viktig at dei som eig/har råderett over kulturminna/-miljøa finn såpass motivasjon og støtte i planen at det faktisk fører fram til handling.*
>
> *Restaureringsplanen frå 2014 har så langt synt seg vere eit godt verktøy og det ser tu til at revidert/oppdatert plan har same siktemål.*
>
> *Det er særs positivt med planen si kopling til FN sine mål om bærekraft.»*

I tillegg hadde sekretariatet for verdsarvrådet ein del kommentarar til struktur i planen og detaljar som dei meiner må rettast. Fylkeskommunen har gått igjennom planen og gjort endringar der vi var einige med sekretariatet for verdsarvrådet. Sekretariatet for verdsarvrådet peikar også på at planen bør forankrast hjå verdsarvrådet. I løpet av prosessen med utarbeiding av planen har fylkeskommunen informert verdsarvrådet om arbeidet på deira møte og i tillegg til at utkast til forvaltningsplan på høyring til verdsarvrådet var å få den forankra der som eit ledd i prosessen.

Sekretariatet for verdsarvrådet etterlyser også restaureringsrettleiaren som skal fylje planen. Restaureringsrettleiaren er eit sjølvstendig dokument som ikkje var ferdigstilt på det tidspunktet utkast til plan vart sendt på høyring. I planutkastet som var på høyring var det opplyst om dette, og at restaureringsrettleiaren ville bli lagt til ved handsaming av planen i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Nærøyfjorden verneområdestyre handsama forslag til restaureringsplan i sitt møte 31. august 2021 utvalssak 55/21 der dei vedtok fyljande uttale:

> *Restaureringsplanen er eit viktig vedlegg til forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Dokumentet gjev føringar for korleis kulturminna i området skal takast vare på, og har ei liste med prioritering av kulturminne. Nærøyfjorden verneområdestyre vil ta omsyn til prioriteringa og råd i dokumenta i forvaltninga av området, og i behandling av søknader til verneområdestyret. Verneområdeforvaltar har delteke i prosessen med revidering av restaureringsplanen, og har lagt spesielt vekt på reglane i verneforskrifta for istandsetting av kulturminna i verneområdet. Tiltaka i planutkastet er i tråd med reglane i verneforskrifta.*
>
> *Prioriteringsliste over kulturminne i planen er sett opp med den kunnskapen som var tilgjengeleg når planen vart skriven, og kan ha manglar. Det bør gjerast endringar i prioriteringa om det kjem fram ny kunnskap om kulturminna. Kulturminne som ikkje er tatt med i denne planen, bør likevel kunne vurderast for tiltak dersom det har stor verdi i verdsarvområdet. I behandling av slike enkeltsaker bør det leggjast vekt på om kulturminnet er ein del av eit heilskapleg kulturmiljø.*

Restaureringsplanen vart handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering i deira møte 26. oktober 2021 hovudutvalet gjorde her fyljande vedtak:

> ***Vedtak***

1. *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden vert retningsgjevande for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet.*
2. *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden vert retningsgjevande for Vestland fylkeskommune si handsaming av søknadar om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven.*

4. Målsetjing med planen

Målsetjinga med den rullerte restaureringsplanen er å legge til rette for at dei verneverdige kulturminna i verneområda og verdsarvområdet vert tatt godt vare på i eit langsiktig perspektiv, og i tråd med føringane i stortingsmeldinga. Den skal bidra til at forvaltninga tek gode avgjersler vedrørande kva kulturminne i verdsarvområdet som må prioriterast i forhold til råd, rettleiing og tilskot.

Målet med planen er at den skal famne eit breitt spekter av kulturminna i verdsarvområdet. Av den grunn har ein i samband med rulleringa lagt eit ekstra fokus på ulike kulturminne og kulturmiljø i verdsarvområdet som vi meiner er viktige å setje istand. Dette, saman med oversikta over bygningar i den opphavlege planen, gjev oss ei heilskapleg oversikt over kulturminna i verdsarvområdet som har behov for å bli sett i stand.

Restaureringsplanen skal primært vere eit arbeidsdokument for den offentlege forvaltninga i verdsarvkommunane, fylkeskommunen og verneområdeforvaltninga. I tillegg skal den vere til støtte for eigarane av kulturminna og ulike interesseorganisasjonar som arbeider for å ta vare på kulturminna i verdsarvområdet.

Vidare er det eit mål at restaureringsplanen skal vere eit verktøy og inspirasjon for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet til å setje istand og ta i bruk kulturminna sine. Planen skal òg gje kort informasjon om korleis eigar kan gå fram når ein ynskjer å setje istand eit kulturminne.

Eit siste mål med planen er at den skal vere ei støtte til eigarar som søkjer om tilskot til istandsetjing av sine kulturminne. Både frå Vestland fylkeskommune og andre tilskotsytarar som til dømes Norsk kulturminnefond.

5. Tilhøvet til lovverket

Dei forskjellige kulturminna i verdsarvområdet har ulik status i forhold til lovverket. Den juridiske statusen eit kulturminne har, er bestemmande for kva ein kan gjere med det og kva tiltak som det må søkjast om. I verdsarvområdet er plan og bygningslova det lovverket alle må forhalda seg til. I tillegg kjem særlov som Kulturminnelova og Naturmangfaldslova, samt verneforskriftene i dei ulike verneområda. Kommunen har via plan og bygningslova ei samordnande rolle, og søknadspliktige tiltak i forhold til kulturminnelova skal vidaresendast til fylkeskommunen for uttale. Tiltak som krev løyve etter verneforskrifta skal handsamast av verneområdestyret. Verneforskrifta har ofte dei strengaste reglane og det er difor fornuftig å handsame tiltak etter verneforskrifta før andre lovverk. Dei ulike lovverka styrer ulike tiltak, og ulike kulturminne.

Meir informasjon om lovverket, verneforskrifter og rettleiar finn du her:

Plan og bygningsloven:
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71

Rettleiar til plan og bygningsloven:
https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/01/Kulturminner-kulturmiljøer-og-landskap.-Planlegging-etter-plan-og-bygningsloven-tekst.pdf

Lov om kulturminne:
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50

Naturmangfoldlova
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100

Verneforskrift: Nærøyfjorden landskapsvernområde
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Forskrift/FOR%202002-11-08-1280%20Forskrift%20om%20vern%20av%20N%c3%a6r%c3%b8yfjorden%20landskapsvernomr%c3%a5de.pdf

Verneforskrift: Bleia-Storebotn landskapsvernområde
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Forskrift/FOR%202004-10-08%20nr%201325%20Forskrift%20om%20verneplan%20for%20Bleia.%20Vern%20av%20Bleia-Storebotnen%20landskapsvernomr%c3%a5de.pdf

Verneforskrift: Bleia naturreservat
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Forskrift/FOR%202004-10-08%20nr%201324%20Forskrift%20om%20verneplan%20for%20Bleia.pdf

Verneforskrift: Nordheimsdalen naturreservat
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Forskrift/FOR%201999-12-12%20nr%201456%20Forskrift%20om%20Nordheimsdalen%20som%20naturreservat.pdf

Verneforskrift: Grånosmyrane naturreservat
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Forskrift/FOR%201995-12-15%20nr%201071%20Forskrift%20om%20fredning%20av%20Gr%c3%a5nosmyrane%20naturreservat.pdf

Veileder: Kulturminner i områder vernet etter naturmangfoldloven
https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M420/M420.pdf

Omfanget av restaurering av det enkelte kulturminnet vil ha mykje å sei for kva løyve ein har behov for. Dersom ein planlegg ei større istandsetjing er det viktig å ta tidleg kontakt med kommunen for å avklare kva løyver ein må søkje om. Dersom kulturminnet ligg i områda som er verna i medhald av naturmangfaldlova så må ein ta kontakt med verneområdeforvaltar for å få avklart kva løyve ein må ha frå verneområdestyret.

Døme på tiltak som det må søkjast om løyve til kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- Omfattande istandsetjing av bygningar.
- Vedlikehald som medfører fasadeendring og endringar på kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak på kulturminne som ligg i områder som er regulert i omsynssone kulturmiljø eller spesialområde bevaring i reguleringsplan.
- Skilting av kulturminne.

- Dersom demontering av ein bygning er nødvendig for restaurering må dette avklarast med kommunen og verneområdestyret.
- Tilbakeføring av kulturminne slik det har vore tidlegare.
- Tiltak på kulturminne som ligg i områder som er verna i medhald av naturmangfaldlova

6. Viktige moment å hugse på ved planlegging av eit restaureringsprosjekt

Før ein startar arbeidet med istandsetjing av eit kulturminne er det viktig å sjekke ut kva løyver som er nødvendig å ha før arbeidet kan starte. For kulturminne som ligg innanfor eit av områda som er verna i medhald av naturmangfaldlova må ein ha dei nødvendige løyva frå verneområdestyret først.

Det er viktig at ein planlegg tiltaka i god tid slik at dei nødvendige løyva er på plass. Fyljande kan vere aktuelle å ta kontakt med:

- Kontakt med verneområdeforvaltninga – for å avklare tilhøvet til verneforskrifta dersom kulturminnet ligg innanfor eit av verneområda.
- Kontakt med kommunen for å avklare tilhøvet til plan og bygningslova
- Kontakt med fylkeskommunen dersom det er aktuelt å søkje om tilskot frå post 79
- Kontakt med verdsarvparken, dersom eigar har behov for hjelp til søknad og liknande.
- Avtale med grunneigar dersom tiltaket vedkjem fleire eigarar og rettshavarar.

6.1 Planlegging av istandsetjing

Når ein begynner å planlegge eit prosjekt er det lurt å setje seg inn i kva som er ei restaurering og korleis det praktiske arbeidet kan gjennomførast på ein god måte som tek vare på kulturminnet sine verdiar. For bygningar viser vi til vedlegg 3. Restaureringsrettleiar som gjev gode råd for ei antikvarisk istandsetjing.

Når ein skal planlegge eit istandsetjingsprosjekt er det viktig at ein tek utgangspunkt i fyljande:

- Planleggar av prosjektet kjenner kulturminnet godt, historikk og tilstand.
- Tilstanden på kulturminnet og kva tiltak som må gjennomførast.
- Ta kontakt med kvalifisert handverkar for å få ein gjennomgang av kva som skal gjerast og eit kostnadsoverslag for gjennomføringa av tiltaket.
- Om kulturminnet ligg innanfor område som er verna i medhald av naturmangfaldlova må ein avklare med verneområdeforvaltar om det er behov for å søkje om løyve frå verneforskrifta.
- Planlagt bruk.
- Avklare med kommunen tilhøvet til plan og bygningslova:
    - Kan tiltaket gjennomførast utan å søkje om løyve frå plan og bygningslova?
    - Dersom det er behov for løyve etter plan og bygningslova må søknad sendast til kommunen.
- Dersom ein har behov for tilskot til gjennomføring av tiltaket er det fleire plassar ein kan søkje om tilskot, til dømes:
    - Vestland fylkeskommune
    - Norsk kulturminnefond
    - SMIL (dersom det er ein landbrukseigedom)
    - Stiftelsen UNI (dersom tiltaket har allmennytte)
    - Vestenfjeldske bykreditt
- Råd og rettleiing kan ein få hjå kommunen, verneområdeforvaltar, fylkeskommunen og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

6.2 Søknadar om løyve frå forvaltninga

Dei ulike forvaltningsnivåa gjev løyve etter ulike lovverk. Ved søknad om løyve etter dei ulike lovverka er det ein del opplysingar som forvaltninga har behov for. Lista nedanfor tek med dei punkta som er felles.

- Informasjon om kulturminnet
    - Kort historikk om kulturminnet og det miljøet det er ein del av.
    - Gards og bruksnummer
    - Kva kulturminne er det
    - Kvar ligg kulturminnet
    - Tilstand til kulturminnet
    - Foto av kulturminnet som syner skade som skal utbetrast
    - Ved søknad om løyve til tilbakeføring til tidlegare utsjånad skal det leggast ved dokumentasjon på tidlegare utsjånad.
- Informasjon om tiltaket som skal gjennomførast
    - Kva skal reparerast?
    - Korleis skal det reparerast?
    - Vert det nokon endringar?
    - Situasjonsplan og fasadeteikningar, viss det skal gjerast endringar. Til dømes storleik på bygningen, fleire/endra vindauga, anna takmateriale. I slike tilfelle skal det leggast ved fasadeteikning.

6.3 Søknadar om tilskot

Når ein skal søkje om tilskot til istandsetjingsprosjekt er det viktig at ein fyl krava til den enkelte søknadsordninga. Ein del opplysingar er felles for dei fleste søknadsordningar og det er viktig at ein har desse klare i god tid. Vanlegvis spør ein etter dei same opplysingane som ein etterspør i samband med søknad om løyve frå forvaltninga, sjå punkt 5.2 ovanfor. I tillegg til desse opplysingane må ein også oppgje fyljande:

Fyljande opplysingar må ein vanlegvis har klare før ein skal søkje om tilskot:

- Kostnadsoverslag frå utøvande handverkar
- Dokumentasjon på handverkar si erfaring frå tilsvarande prosjekt, dersom dette er krav frå tilskotsytar.
- Kopi av nødvendige løyver frå:
    - Kommunen
    - Verneområdestyret
- Budsjett
- Finansieringsplan

Dersom ein har behov for råd og rettleiing i samband med søknad om tilskot kan ein ta kontakt med kommunen, Nærøyfjorden Verdsarvpark eller Vestland fylkeskommune.

7. Klimatilpassing

Dagens klima er utfordrande for mange kulturminne. I samband med istandsetjing av kulturminna må ein også ta omsyn klimaet og behov for å beskytte dei. I ein del tilfelle er det små tiltak som skal til medan det i andre tilfelle er behov for større tiltak for å beskytte kulturminnet. Av mindre tiltak ein kan gjere er til dømes:

- Montering av takrenner, tilpassa bygningen sin alder og utforming.

- Skjøtsel av vegetasjon nær bygningar både med omsyn til råteskadar og brannfare.
- Behov for kontinuerleg istandsetjing og vedlikehald på vegar og stiar som er flaum og/eller rasutsette.
- God drenering av både bygningar og vegar/stiar.

I nokon tilfelle vil det vere behov for å gjennomføre større tiltak for å beskytte kulturminna. Dette kan til dømes vere:

- Vernekledning på bygningar som ikkje har hatt kledning tidlegare.
- Ny drenering rundt bygningar og på vegar/stiar.

Meir informasjon om tilpassing til eit endra klima finn du her:
https://www.riksantikvaren.no/tilpasning-til-endra-klima/

Riksantikvaren har også utarbeida ein eigen klimastrategi for kulturmiljøforvaltninga som tek føre seg problemstillingane knytta til klimagassutslepp og handtering av uønska konsekvensar for kulturminne som fylje av klimaendringane.

Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning finn du her: https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2021/08/RA_Klimastrategi_2021.15.08-oppslag_150dpi.pdf

8. Vurderingskriterier

I vurderinga av kulturminna er det tatt utgangspunkt i Riksantikvaren sin rettleiar for verdisetjing og vekting av kulturminne, https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/Veileder_verdisetting.pdf . Kulturminna i planen har blitt prioritert ut i frå fyljande verdiar:

- Kunnskapsverdi
- Opplevingsverdi
- Bruksverdi

I samband med vurdering og prioritering av kulturminna har kulturminnet sin kunnskapsverdi vege tyngst. Forvaltningsplanen peikar på fleire områder som har ein høg kulturhistorisk verdi, restaureringsplanen er ei konkretisering av kulturminneverdiar i desse områda og ei presisering av kva kulturminne om bør setjast istand for at dei skal oppretthalde den høge kulturhistoriske verdien. Då restaureringsplanen er ei presisering av forvaltningsplanen, er verdivurderinga av dei kulturminna/kulturmiljøa som er omtalt i forvaltningsplanen vidareført her.

Dei prioriterte kulturminna er delt inn i tre prioriteringar. Prioriteringane er gjort på bakgrunn av ei vurdering av kulturminnet sin kunnskapsverdi, bruksverdi og opplevingsverdi. I denne samanhengen er kulturminna sin kunnskapsverdi vekta tyngst. Graden av desse verdiane vil variere i dei ulike kulturminna, noko som igjen speglar att i prioriteringa. Generelt kan vi sei at dei kulturminna som har ei høg grad av autentisitet (der mykje av dei eldre materiala er bevart og der det har blitt gjort få endringar i seinare tid) vert vurdert høgare enn dei kulturminna som har ei lågare grad av autentisitet. Dette av di grada av autentisitet vanlegvis vil gje stor påverknad av kulturminnet sin kunnskapsverdi og opplevingsverdi.

Eit kulturminne står alltid i eit samspel med sine omgjevnadar og omgjevnadane vil påverke kulturminnet sin verdi. I verdsarvområdet er det fleire heilskapleg kulturmiljø som det er viktig å ta vare på. I kulturmiljøa vil det ofte vere kulturminne som er ulikt godt bevart og som har ulik kulturhistorisk verdi, men det er her heilskapen av kulturminne og kulturlandskap som er det vesentlegaste.

9. Oversikt over prioriterte kulturminne

Prioriteringa i 9.1 erstattar prioriteringane i restaureringsplanen for 2014.

9.1 Bygningar Aurland kommune

Område	Bygningsmiljø prioritering	Prioritering	Miljø/bygning
Frondalen		1	Stølshus på Håvasete 30/3 Omtale: 10.1 og vedlegg 1
		1	Stølshus på Lintu 30/3 Omtale: 10.2 og vedlegg 1
Flåm, stølar		1	Moldsteinselet, gb.nr 38/10 Omtale: vedlegg 1
		2	Reine-selet, gb.nr. 38/10 Omtale: vedlegg 1
		3	Ljoren stølsvollen, g.nr. 38 Omtale: vedlegg 1
		3	Sel gb.nr. 38/13
Undredal	1	1	Undredal tettstad, kulturmiljø Omtale: vedlegg 1
		1	Sylfest-Maria stove (Solbakken) gb.nr. 51/117 Omtale: vedlegg 1
		1	Sylfest-Ola stova gb.nr. 51/59 Omtale: vedlegg 1
		1	Løa i Pettergarden gb.nr. 51/32 Omtale: vedlegg 1
Melhus	2		Bygningsmiljøet på Melhus. Omtale: 9.4 og vedlegg 2
		1	Selet til gb.nr. 51/43 Omtale: vedlegg 1
		1	Høyløe gb. 51/19 Omtale: vedlegg 1
Langhuso	3	3	Bygningsmiljøet på Langhuso Omtale: 9.5 og vedlegg 1
		1	Sel gb.nr. 51/57 Omtale: vedlegg 1
		1	Mjølkebu gb.nr 51/15 Omtale: vedlegg 1
Hovdungo		1	Sel gb.nr. 52/5 Omtale: vedlegg 1
Stigen og Nedberge		1	Låve/driftsbygning på Øvste Stigen gb.nr. 53/1 Omtale: vedlegg 1
		1	Fristølen sel gb. 53/2 Omtale: 9.9
		2	Sel på Vassete gb.nr. 55/1 Omtale: vedlegg 1
		2	Sel på Åsen gb.nr. 53/1 Omtale: 9.9
Breisnes	1		Bygningsmiljøet på Breisnes Omtale: vedlegg 1
Styvi		1	Våningshus gb.nr. 58/1

			Omtale: vedlegg 1
		2	Kårhus gb.nr.58/1 Omtale: vedlegg 1
		2	Stabbur gb.nr. 58/1 Omtale: vedlegg 1
Ramsøy	1		Bygningsmiljøet på Ramsøy Omtale: 9. 1 og vedlegg 2
		1	Driftsbygning gb.nr. 59/2 Omtale: vedlegg 1
		2	Våningshus gb.nr. 59/2 Omtale: vedlegg 1
		2	Driftsbygning gb.nr. 59/2 Omtale: vedlegg 1
		2	Eldhus gb.nr. 59/2 Omtale: vedlegg 1
		2	Driftsbygning gb.nr. 59/3 Omtale: vedlegg 1
Nærøydalen		1	Campinghytte frå 1964 på Gudvangen Camping Omtale: vedlegg 2
		1	Eldhus, Hylland gb.nr. 61/ Omtale: vedlegg 1
		1	Stabbur, Hylland gb.nr. 61/2 Omtale: vedlegg 1
		2	Mikkelstova gb.nr. 64/1 Omtale: vedlegg 2
		3	Gudvangen Camping, kiosk Omtale: vedlegg 1
Gudvangen, Fet	1		Bygningsmiljøet i Gudvangen tettstad (Fetagata) Omtale: vedlegg 1
		1	Vikingvang – tidlegare Hellands hotell Omtale: vedlegg 1
		1	Store-Knut-stova gb.nr.64/24 Omtale: vedlegg 1
		3	Suvenirbutikk Gamlo gb.nr. 64/3-4 Omtale: 10.3
Bakka og Tufto	1		Bygningsmiljøet på Bakka Omtale: 9. 14 og vedlegg 1
		1	Våningshuset på gb.nr. 65/5 Omtale: vedlegg 1
		1	Kløvanaustet gb.65/2 Omtale: vedlegg 1
		1	Eldhuset i Kløvatunet gb.nr. 65/2 Omtale: vedlegg 1
		1	Tobakkshuset på Tufto gb.nr. 66/1 Omtale: vedlegg 1
		1	Revegarden på Tufto gb.nr.66/1 Omtale: vedlegg 1
		1	Flætastova på Tufto gb.nr.66/1 Omtale: vedlegg 1
		2	Våningshus gb.nr. 65/4 Omtale: vedlegg 1
		3	Eldhuset på Borgagarden gb.nr. 65/2 Omtale: vedlegg 1

		3	Våningshus på gb. 65/4 Omtale: 10.4
		3	Driftsbygning på 65/4 Omtale: 10.4
		3	Driftsbygning på 65/6 Omtale: 10.4
Dyrdal	1		Bygningsmiljøet på Dyrdal Omtale: 9.15 og vedlegg 1
		1	Ostebu på Skogane gb.nr. 67/9 Omtale: vedlegg 1
		1	Stølshus på Hjølmo gb.nr. 58/2 Omtale: vedlegg 2
		1	Drægo sitt sel på Løhaug gb.nr. 69/1 Omtale: vedlegg 1
Vassete		1	Vassete (Dyrdal) stølsmiljø Omtale: vedlegg 1

Bygningar Voss herad

1 Prioritet	
	Bygning
	Stabbur på Sivlesøy Gb.nr. 334/2 Omtale: vedlegg 1
2 Prioritet	
3 Prioritet	

9.2 Kulturmiljø Aurland kommune

1 Prioritet	
	Kulturminne
	Sti frå Undredal til Hovdungo Omtale: 9.7
	Stokko - kulturlandskapet ved fjorden Omtale: 9.8
	Kulturmiljøet ved Stigen Omtale: 9.9
	Sti og kulturmiljø til Nedbergo Omtale: 9.10
	Kulturlandskapet med postvegen Styvi - Bleiklindi Omtale: 9.11
	Rimstigen til Breidalen Omtale: 9.13
	Kulturlandskapet på Bakka og Tufto Omtale: 9.14
	Kulturlandskapet på Dyrdal, med Skogane, vegfar, kulturlandskapet, Hjølmo. Omtale: 9.15, 9.16 og 9.17
	Kulturlandskapet på Bortomteigane

	Omtale: 9.18
	Fronnes/Frondalen Omtale: 9.19
	Kulturmiljøet på Ramsøy Omtale: 9.1
2 Prioritet	
	Kulturmiljøet i Norheimsdalen Omtale: vedlegg 2
	Kulturmiljøet på Melhus Omtale: 9.4
	Kulturmiljøet på Langhuso Omtale: 9.5
	Kongevegen /Postvegen i Nærøydalen Omtale: 9.20
3 Prioritet	
	Gamle vegen frå Undredal til Melhus og Langhuso Omtale: 9.3
	Kulturlandskapet i Undredal Omtale: 9.2
	Gamlevegen Gudvangen – Bakka Omtale: 9.12
	Stølsvollen på Lægdene Omtale: legg inn talet frå bygningsomtalen
	Breisnes Omtale: Vedlegg 2
	Sti Langhuso – Jonadalen – Fessene Omtale: 9.6
	Kulturlandskapet på Hemre Omtale: 9.21

9.3 Andre typar kulturminne og kulturmiljø Lærdal kommune

1 Prioritet	
	Kulturminne
	Kulturmiljøet ved husmannsplassen Hausen Omtale: 9.22
2 Prioritet	
3 Prioritet	
I	

9.4 Andre typar kulturminne og kulturmiljø Vik kommune

1 Prioritet	
	Kulturminne
	Stølsveg frå Engi til Fresvikjordalen, med Fresvikvarden Omtale: 9.24
2 Prioritet	
	Legdavegen - stølsveg Omtale: 9.25
	Stølsvegen frå Engi til Helgedalen Omtale: 9.23
3 Prioritet	


9.5 Andre typar kulturminne og kulturmiljø Voss herad

1 Prioritet	
	Kulturminne
	Kulturmiljøet på Nåli gb.nr. 334/1 og 335/22 Omtale: 9.26
	Kulturmiljøet i Stalheimskleiva Omtale: 9.27
2 Prioritet	
	Stølsvegen frå Fyre til Fyrestølen Omtale: 9.28
	Øvsthus – tufter etter gardstunet Omtale: 9.28
	Gamle ferdslevegen frå Sivle til Jordalen Omtale:9.26
3 Prioritet	

10. Omtale og vurderingar av nye kulturminne i planen

Nedanfor er det ein kort omtale, vurdering og foto av kulturminne som har blitt vurdert og tatt med i restaureringsplanen. Dette er eit supplement til den opphavlege restaureringsplanen. Dei fleste verneverdige bygningane i verdsarvområdet som er omtala i kap. 8.1 er difor ikkje med i omtalen nedanfor. Omtale, vurdering og foto av desse er i den opphavlege restaureringsplanen, sjå vedlegg.

10.1 Kulturmiljø på Ramsøy i Aurland, krigsminne, bygningsmiljø og kulturlandskap



Figur 3. Kartutsnitt over Ramsøy. fylkesatlas.no

Bygningane på Ramsøy i Gudvangen er omtala i den opphavlege restaureringsplanen. Ramsøy utgjer i dag eit vakkert og godt halde kulturmiljø bestående av fleire gardstun med eldre bygningar, kulturlandskapet og krigsminne. I kulturmiljøet på Ramsøy er det fleire murar som er viktige for kulturmiljøet, samt vegfar mellom bruka og ned til nausta ved fjorden. Også i strandsona er det gamle murar som det er viktig at vert tatt vare på. Eldre frukttrær og styvingstrær i området er andre element som er viktige i kulturlandskapet.

Området har svært mange krigsminne som syner korleis tyskarane under krigen bygde opp store anlegg. Anlegget består av fleire bunkersar, skytestillingar og løpegrav langs fjorden. I fylje grunneigar er det fleire krigsminne høgre opp der ein hadde utkikksplassar med større overblikk enn nede ved fjorden. Eigar har sett i stand ein bunker og ei skytestilling samt løpegrava. Ein liten del av løpegrava langs fjorden er rasa ut og har behov for å bli mura opp att. Fleire av bunkersane i området har behov for å setjast i stand.

Det heilskaplege kulturmiljøet på Ramsøy med ei lang tidsdjupne og det er gjort få endringar etter 1950 noko som gjer at området her har ein høg kulturminneverdi.

Prioriterte tiltak:

- Reparasjon av mur i løpegrava,
- Istandsetjing av bunkersar.
- Hogst av granskog i og rundt krigsminna.
- Istandsetjing av murar i strandsona.



Figur 4. Biletet til venstre syner del av løpegrava langs fjorden. Biletet til høgre syner inngangen til bunkersen som er sett i stand. Foto A. Bidne/SFF 2019.




Figur 5. Biletet til høgre syner eit av tuna på Ramsøy. Biletet til høgre syner kulturlandskapet på Ramsøy. Foto A. Bidne/SFF 2019.



Figur 6. Ramsøy, frukthage veg og tun. Foto: Stig Nordrumshaugen/VLFK 2019.

10.2 Kulturlandskapet i Undredal, Aurland



Figur 7. Kartutsnitt over Undredal. fylkesatlas.no

Undredal er karakterisert av den vesle tettstaden nede ved fjorden som er omkransa av mektige fjellsider og brattlendte lier. Desse gjev delar av området ein stor rasfare noko som gjev liten plass for dyrka mark og busetnad. Før utskiftinga på byrjinga av 1900-talet låg husa til gardane samla i klyngjetunet sør for stavkyrkja. Nede ved fjorden låg eit av dei største husmanns- og strandsitjarmiljøet i verdsarvområdet. I 1845 var det her 26 husmenn med jord og 5 strandsitjarar (husmenn utan jord). Området slik det framstår i dag er i stor grad prega av endringane etter utskiftinga.

Sentrum av Undredal er ei særs godt bevart grendemiljø med ein klyngjetuna sentrumsbustad der husa ligg tett på gata og med gardsbruk med større driftsbygningar utanfor det tettast bebygde arealet. Ved gardsbruka finn vi også innmarka med eldre frukthagar og slåttebøar. Gardsbruka med sine bygningar og kulturlandskap/innmark dannar her overgangen til utmarka. På Hjødlo ligg det fleire ligardar med flate terrassar med god jord. Dalen frå sentrum og opp til stølane på Melhus og Langhuso er prega av beitemark og utslåttar, og der elva renn nedst i dalbotnen.

Undredal har bevart mykje av den eldre bygningsmassen, strukturen og kulturlandskapet noko som gjev det ein høg verdi som kulturmiljø. I *Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er* bygningsmiljøet i Undredal vurdert til å vere av særskild verdi knytt til fjord og dalføre. I dette området er det viktig å bevare heilskapen mellom tettstaden, gardsbruka like ved og kulturlandskapet. Spesielt sårbare er ulike uthus og løer som ikkje er i bruk, mangfaldet av bygningar i Undredal er særs viktig å ta vare på. I kulturlandskapet er det heilskapen mellom dei ulike kulturminna som er det vesentlege å ta vare på. Det er her særs viktig å ta vare på steingjerder, bakkemurar,

frukthagar, slåtteenger, bygningsmiljø og bygningsstruktur. For meir omtale av bygningane viser vi til restaureringsplanen frå 2014.

Prioriterte tiltak:


- Istandsetjing av steingjerder og bakkemurar
- Istandsetjing av bygningar
- Tiltak i kulturlandskapet i tråd med målsetjingane i *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan.*





Figur 8. Kulturlandskapet i Undredalen. Foto Arlen Bidne/VLFK 2020. *Figur 9. Hage og slåttemark i Undredal. Foto Arlen Bidne/VLFK 2020.*

10.3 Gamlevegen frå Undredal til Melhus og Langhuso, Aurland



Figur 10. Landskapet mellom Undredal, Hjøllo og Melhus der den gamle stølsvegen går. Stølsvegen er markert med raud line. Kart: fylkesatlas.no

Den gamle stølsvegen frå Undredal til stølane på Melhus og Langhuso går gjennom eit velhalde kulturlandskap som framleis er i aktiv bruk. Vegen er i hovudsak i god stand, men nokre strekningar

har rast ut som fylje av flaum og skred og det er behov for istandsetjing og delevis oppattbygging på desse stadane. Delar av vegentraseen gjekk tapt i samband med bygginga av dagens bilveg ned til Undredal. Det er difor viktig å ta vare på dei delane av traseen som framleis er bevart. Delar av vegen er ganske brei, med grasdekke og steinmurar langs sidene og ligg i eit kulturlandskap med ein mosaikk av teigar som er delt opp/gjerda inn av fleire steingardar på Melhus.


Prioriterte tiltak:

- istandsetjing av dei partia som er øydelagt av ras og flaum.



Figur 11. Gamlevegen mellom Undredal og Melhus. Foto Gry Mørk/Nærøyfjorden Verdsarvpark 2020

10.4 Kulturmiljøet på Melhus



Figur 12. Kartutsnitt over stølen på Melhus. Kart: fylkesatlas.no

For gardane i Undredal var stølane avgjerande for livberginga. Gardane hadde fleire stølar og i løpet av sommarhalvåret flytta dei dyra mellom dei ulike stølane. Melhus som ligg ca. 140 moh var vårstølen og her hadde dei dyra på våren og hausten. Melhus består av to stølsvollar der den eine ligg på vestsida av Undredalselvi og tett på vegen ned til Undredal. Den andre stølsvollen ligg på austsida av elva og høyrer til gardane på Hjøllo og vert kalla Hjølla-Melhus. Det er framleis drift på stølen, stølshusa er av ulik alder og i 2003 vart det bygd eit moderne stølsysteri som er plassert litt utanfor stølsvollen. For meir omtale av bygningane sjå Restaureringplanen frå 2014.

Kulturlandskapet om stølane er godt i varetatt. Ved at stølane framleis er i bruk med beite av både kyr og geit vert beitemarkene tatt godt vare på. Landskapet er prega av den tradisjonelle gardsdrifta der bakkemurar og steingjerder omkring tidlegare slåttemark er karakteristiske trekk som fortel mykje om korleis ein nytta området her tidlegare. Dei stølshusa som har blitt lite endra i senare tid er særs viktige å bevare for å ta vare på heilskapen i kulturmiljøet.


Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av steingardar og bakkemurar.
- Istandsetjing av stølshus.



Figur 13. Kulturlandskapet ved stølen Melhus. Foto Gry Mørk/Nærøyfjorden verdsarvpark 2020.

10.5 Kulturmiljøet på Langhuso



Figur 14. Kartutsnitt over stølen på Langhuso. fylkesatlas.no

Når det minka på beite på Melhus vart dyra flytta til stølen Langhuso. Denne stølen ligg på ca. 300 moh i dalbotnen. Det var vanleg at dei kom hit med dyra til syftesok, 2. juli, og at ein vart her i ca. tre veker. Deretter vart dyra flytta til fjellstølane i Jonadalen, Nisedalen eller Grindafletene. I september vart dyra flytta frå fjellstølane og tilbake til Langhuso.

Bygningsmiljøet på Langhuso består av ulike bygningar knytt til stølsdrift. Det er bevart nokon eldre bygningar som er lite endra, men dei fleste av bygningane her er modernisert i ulik grad. Då det framleis er drift på Langhuso er kulturlandskapet godt tatt vare på med opne beitemarker. I tillegg til dei ståande bygningane er det også bevart ei rekkje tufter på Langhuso. Desse fortel mykje om drifta og det er viktig at dei vert bevart.

Det er viktig at dei bygningane som ikkje er endra vert tatt vare på og sett istand slik at ein får bevart noko av det eldre preget av stølen. Vidare er fortsatt bruk av området viktig då beitinga held landskapet opent.


Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av bygningar med høg grad av autentisitet.
- Skjøtsel av kulturlandskapet



Figur 15. Langhuso. Foto: Gry Mørk, 2020.

10.6 Stølsvegen frå Langhuso til Jonadalen og Fessene, Aurland



Figur 16. Kart som viser Langhuso, Jonadalen og Fessene. Den raude lina viser vegen frå Languso til Fessene. Frå Fessene går turstien vidare til Grindaflethytta. Kart: fylkesatlas.no

Ferdsla mellom dei ulike stølane var viktig for å kunne utnytte utmarksressursane på ein effektiv måte. Stiar og vegar mellom dei ulike grendene og ulike delane av gardane fortel svært mykje om korleis ein nytta området tidlegare. Frå Langhuso gjekk stølsvegen vidare til Jonadalen og Fessene. Frå Fessene går det ein tursti vidare til Grindaflethytta i Voss kommune. I Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er denne vegen vurdert som ein av dei viktige ferdslevegane som bind saman bygder.

Stien er i ok tilstand, men det er behov for årleg vedlikehald for å halde vegen.

Prioriterte tiltak:

- Årleg vedlikehald



Figur 17. Jonadalen. Foto Anbjørg Nornes, 2019.

10.7 Sti frå Undredal til Hovdungo, Aurland



Figur 18. Den prikka lina viser stien frå Undredal til Hovdungo. Kart: fylkeatlas.no

Hovdungo er sommarstøl til nokre av gardsbruka i Undredal. Det er to ståande stølshus på Hovudungo i dag, og fleire murar etter stølshus som i dag er forsvunne. Over stølen er det sett opp ein gapahuk som vert utleigd til overnatting. Utleige av gapahuken har ført til stor auke i ferdselen på stien frå Undredal til Hovdungo, og med det større slitasje på stien. I Galden er murane i ferd med å sige ut, og det må gjerast eit større arbeid med oppatt muring for å ta vare på stien (planlagt gjennomført i 2020). Med unntak av gapahuken, er stien opp og sjølve stølsmiljøet prega av få moderne inngrep og framstår i dag med som eit kulturlandskap med høg autentisitet.


Prioriterte tiltak:

- Årleg vedlikehald.
- Istandsetjing av mura parti av stien.



Figur 19. Galden, stien frå Undredal til Hovdungo. Foto Anbjørg Nornes, 2019.

10.8 Kulturlandskapet langs fjorden ved Stokko, Aurland



Figur 20. Stokko. fylkesatlas.no

Gardane i Undredal har slåtteteigar langs fjorden ut til Stokko og på Stokko. Dei mange bakkemurane viser korleis folk har nytta alle ressursane i dette krevjande terrenget. Nokon av bakkemurane har vore laga for å auka slåttearealet, medan andre er plassering av rydda stein. Då slåttearealet var lite var det viktig å setje opp rydningsrøysene på ein måte som tok minst mogleg plass. Dette vart gjort ved at rydningsrøysene er mura opp i kvadratiske urer. Dette sparte plass, men var svært arbeidskrevjande. I tillegg har naturlege røyser i området blitt retta opp for at dei skal ta minst mogleg plass og for å gjere det mogleg for slått heilt inn til kanten av ura. Området er bratt og det har hatt fleire løypestrengar. Festa til fleire løypestrenger er bevart og strengen til eit strekk står framleis oppe. Kulturlandskapet fortel mykje om korleis menneska i området har forma naturen slik at den gav dei nok utkomme til å livberge seg. Vidare fortel dei om ei driftsform innan jordbruket som i dag nærast er forsvunne. I *Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden* vert dei urterike slåtteengene på Stokko trekt fram som eit døme på nokon av dei viktigaste, skjøtselskrevjande kulturmarkstypane.

Fleire av bakkemurane har sige ut, og det er trong for oppretting av murane på Dorganes, Beinsnes og Stokko.

Prioriterte tiltak:

- Oppattmuring av murane på Dorganes, Beinsnes og Stokko.
- Skjøtsel av kulturlandskapet i tråd med føringane i *Slåttelandskapet Stokko. Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv.*



Figur 21. Bakkemurar på Stokko. Foto Anbjørg Nornes, 2019.

10.9 Kulturmiljøet ved Stigen, Aurland



Figur 22. Øvste og Nedste Stigen med Fristølen. fylkesatlas.no

Garden Stigen har ei lang historie og kan ha vore busett allereie før svartedauden. Etter svartedauden låg garden aude, sannsynlegvis fram til 1600-talet. Garden vert nemnd i skriftlege kjelder i 1612 då den er registrert i tiendelista. Etter 1700 er det på Stigen to bruk med stabil busetjing. I dag er bruka omtala som Øvste Stigen og Nedste Stigen, tuna ligg ca. 200 meter i frå ein annan. Gardsdrifta på Nedste Stigen vart lagt ned i 1968 men tatt opp att i 1991. På Øvste Stigen var det drift fram til 1978.

Kulturlandskapet på Stigen er prega av dei mange slåtte- og hagemarkene på gardane som er støtta opp med bakkemurar. Kulturminna viser korleis alle små teigar vart utnytta, og framleis vert nytta i landbruket. Alle dei små teigane med ulik skjøtsel og bruk gjev eit rikt biologisk mangfald.

Ferdslevegen går frå fjorden og opp til Stigen og Øvste Stegen og vidare til stølane på Åsen og Beitelen og er eit verdifullt kulturminne i seg sjølv. Stien går i eit bratt terreng og på fleire strekk er det mura parti for å få fram stien. Den viser tydeleg til den vertikale driftsforma og menneska si tilpassing til naturen slik at dei kunne livberge seg i området.

Garden Stigen hadde tre stølar, Åsen, Fristølen og Fjellstølen. Fjellstølen var tungvint å drive og vart nedlagt allereie i 1890. Åsen har vore brukt som vårstøl og hauststøl, medan Fristølen var nytta midt på sommaren. På Fristølen er det steinmur rundt heile stølsområdet. Steinmuren heldt beitedyra

utanfor stølsvollen. Systemet med fleire stølar på gardane er noko av det som tydlegast viser til den vertikale driftsstrukturen på gardane i verdsarvområdet.

Av tiltak som bør gjerast i kulturmiljøet på Stegen er det svært viktig at bakkemurane vert vedlikehaldne då nokon har rasa ut og må reparerast. Heilskapen med dei ulik bakkmurane og teigane er ei viktig kjelde til kunnskap om korleis ein i tidlegare tider livnærte seg her. Vidare fortel dei om ei driftsform i jordbruket som i dag nærast er forsvunne. Det er behov for årleg vedlikehald av stien. Spesielt viktig er det at støttemurane under vegen vert sett istand med jamne mellomrom. Det er viktig at stien vert fortløpande vedlikehalden slik at dei kulturhistoriske verdiane i den vert tatt vare på og at den også i framtida kan nyttast som ferdsleveg for dei som ferdast i området. Dei gamle stiane/vegfara i verdsarven er verdifulle kulturminne som også gjev ei auka tilgang til verdsarvområdet. Det eine selet på Fristølen er rehabilitert og ein del av dei kulturhistoriske verdiane i dette har gått tapt. Det andre selet har framleis ei høg grad av autentisitet, men behov for istandsetjing. Skjøtsel av kulturminne på Fristølen har stor verdi då den viser korleis stølane og utmarka vart nytta på hyllegardane. I Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden vert bruka på Stigen vurdert til å vere gardstun og bygningsmiljø av særskild verdi knytt til fjord og dalføre.

Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av vegar/stiar
- Oppattmuring av bakkemuar som har rast saman
- Istandsetjing av steingarden på Fristølen
- Skjøtsel av kulturlandskapet
- Istandsetjing av eldre bygningar
- Tiltak i tråd med rapporten *Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden. Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.*



Figur 23. Vegmur og bakkemur på Stigen. Foto: Anbjørg Nornes, 2018



Figur 24. Stien opp til Stigen. Foto Anbjørg Nornes 2019.



Figur 25. Steingjerdet rundt stølsvollen på Fristølen, med stølshuset til Øvste Stegen. Foto Anbjørg Nornes 2019.

10.10 Kulturmiljøet ved Nedbergo, Aurland



Figur 26. Nedbergo, stien frå fjorden og opp til tunet er markert med stipla line. fylkesatlas.no

Nedbergo er eit heilskapleg kulturmiljø som er godt bevart og der det er få moderne inngrep. For omtale av bygningane sjå Restaureringsplanen frå 2014. Gardsvegen til Nedbergo er ein sti som går frå fjorden og opp den bratte fjordsida i mange svingar. Sjølve tunet ligg på om lag 535 moh. Vegen har i si tid vore nytta til kløv, men har i dag ikkje høgare standard enn ein fotsti. Samanlikna med andre vegar i regionen, i liknande terreng, har vegen overraskande få murar. Trass lågare total standard er gardsvegen i nokså god stand. Gangvegen er ein del av det heilskaplege kulturlandskapet til Nedbergo og må sjåast som ein del av dette.

I skjøtselsplan for Nedbergo er kulturlandskapet og vurdert. Her vert dei mange murane knytt til både innmark og utmarksteigar trekt fram som eit viktig element. Murane har hatt ulike funksjonar som gjerde, bakkemur og rydningsrøys. Bakkemurane og rydningsrøysene har ofte vore kombinert med gjerder. Rydningsrøysene har ulik storleik og utforming. Ein del bakkemurar har tydeleg preg av at dei har hatt ein kombinert funksjon som rydningsrøys. Dette vises ved at vi finn bakkemurar som har mykje tilfeldig plassert mindre stein enn det som var naudsynt for murfunksjonen. På dei mest produktive teigane er rydningsrøysene stabla som rette murar som kan minne om grunnmurar for bygningar, noko som ha spart plass i marka men vore arbeidskrevjande. Dei største av denne typen røyser finn vi vest for tunet.

På Heimestølen omkransar steingarden heile stølen og to av sela har vore bygd integrert i stølsgjerdet. Steingjerdet er framleis intakt og det er her bevart eit heilskapleg kulturlandskap som det er viktig å ta vare på.

Samla sett står kulturlandskapet her med bygningar, teigar, rydningsrøyser, bakkemurar og steingjerde fram som eit viktig kulturmiljø. På stien opp er det nokre mindre problempunkt med vassgraving og jordsig, utrasingar og mindre parti med trong for trinn over glatt berg. Utover kryssingspunktet for Kappadalselvi kan vegen i det store og heile komme i rimeleg god stand med enkle tiltak. Det er likevel trong for jamleg vedlikehald, og einskilde parti lyt ryddast etter vinteren kvart år.

Heilskapen i kulturmiljøet er viktig å ta vare på, men nokon element skil seg ut som særs viktige. Dette gjeld stien frå fjorden og opp til Nedbergo, murane knytt til innmarksareala spesielt dei lange, høge murane aust for tunet og dei svært høge murane vest for tunet. Murane i underkant av Nibbåkeren og murar i underkant av Storåkeren er og viktige å halde vedlike. I *Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap* – delområde Nærøyfjorden vert Nedbergo trekt fram som eit av gardstun og bygningsmiljøa som er av særskild verdi knytt til fjord og dalføre.

Prioriterte tiltak:

- Vedlikehald av skada parti på stien frå fjorden og opp,
- Istandsetjing av bakkemurane der dei er rasa ut
- Tiltak i tråd med føringane i *Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden. Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv.*




Figur 27. Bakkemurar på Nedbergo. Foto: Anbjørg Nornes, 2018.



Figur 28. Parti frå stien til Nedbergo. Foto Anbjørg Nornes, 2020.

10.11 Kulturlandskapet på strekninga Bleiklindi – Styvi – Skalmenes, Aurland



Figur 29. Styvi med Skalmenes og Bleiklindi. fylkesatlas.no

Postvegen mellom Bergen og Oslo hadde eit strekke på land mellom Bleiklindi og Styvi. Denne vegstrekninga vart bygd rundt 1660 og mest brukt om vinteren når det låg is på Nærøyfjorden og det var vanskeleg å nytte båt til og frå Gudvangen. Då hadde båten stoppestad på Styvi og så gjekk ein til Bleiklindi der fjorden var på sitt smalaste og ein kunne ta seg over på isen til Bakka. Vegen er mellom 1 og 2 meter brei og stadvis bygd opp med solide steinmurar. Bakkemurar og steingardar skil vegen frå kulturmarker som enger og liknande. Denne delen av postvegen er godt bevart og er framleis i bruk som turveg. Skalmenes er eit av områda i dette kulturlandskapet som det er viktig å ta vare på. Vi finn her eit heilskapleg kulturmiljø med ei uteløe, steingard og slåttemark.

Det går stadig større og mindre ras over vegen, seinast sommaren 2019 då fleire korte parti av vegen vart vaska ut. Det er avtale med grunneigar om årleg skjøtsel av vegen. Fleire av murane og steingardane langs postvegen har behov for restaurering utover dette.

Ved Skalmenes er det bevart restar av ei uteløe. Uteløa er rast saman, men taket ligg over murane til løa og det kan vere mogleg å setje murane istand og legge nytt tak på den. Bygget saman med steingarden som omkransar slåttemarka på Skalmenes er ein viktig del av kulturlandskapet på

Skalmenes. Området framstår som velstelt og godt vedlikehalde, men dette er arbeidskrevjande å oppretthalde. Verneområdestyret prioriterer å løyve midlar til skjøtsel av landskapet, men det er i tillegg behov for tiltak på enkelte av kulturminna i området.

I området her er det i tillegg fleire kulturminne knytt til gardsdrifta i området. Desse er i form av steingjerder, bakkemurar, gardstuna på Styvi og vårstølen på Holmo i tillegg til det heilskaplege kulturlandskapet på Skalmenes. For nærare omtale av kulturminna her sjå *Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. Rapport nr. 4-1994*. I Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er gardsbruka på Styvi trekt fram som særskild verdifulle gardstun og bygningsmiljø. Området Styvi-Holmo er i forvaltningsplanen trekt fram som det viktigaste området for skjøtsel av kulturlandskapet i verdsarvområdet. I tillegg vert postvegen mellom Holmo og Styvi vurdert som ein av dei viktige ferdslevegane som bind bygdene saman i verdsarvområdet.

Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av skada parti på kongevegen/postvegen mellom Styvi og Bleiklindi,
- Skjøtsel av kulturlandskapet,
- Istandsetjing av steingjerder og bakkemurar
- Istandsetjing bygningar i området
- Tiltak i *Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. Rapport nr. 4-1994*.
- Ved istandsetjing av bygningane på gb/58/1 bør gjennomførast i tråd med råda i Restaureringplan for Styvi gard.



Figur 30. Holmo med steingard ned mot fjorden. Foto Anbjørg Nornes, 2019.




Figur 31. Skalmenes med uteløe og steingardar. Foto: Anbjørg Nornes, 2018.



Figur 32. Eit av fleire områder der det gjekk ras over postvegen i 2019. Foto: Jorunn Vallestad, 2019.

10.12 Gamlevegen Gudvangen – Bakka, Aurland



Figur 33. Traseen til gamlevegen mellom Gudvangen og Bakka går på utsida av tunellen. Kart: fylkesatlas.no

Mellom Gudvangen og Bakka/Tufto går FV 241. Postvegen mellom Bergen og Oslo har gått her i lang tid, og vart bygd som kjerreveg i 1854-1856. I 1928 fekk denne strekninga og vegen mellom Bleiklindi og Styvi status som fylkesveg som den første fylkesvegen i dåverande Sogn og Fjordane fylke. Vegen vart ikkje utbygd til bilveg før i 1978. Vegen mellom Gudvangen og Bakka er svært ras utsett og ofte stengt. I 2001 vart det bygd ein tunell på 1754 m for å unngå dei farlegaste partia i forhold til snø- og steinskred.

Den gamle delen av vegen på utsida av tunellen vert i dag nytta som turveg. Det er her behov for årleg vedlikehald og å rydde sti over ras-plassane.

Prioriterte tiltak:

- Rydding etter ras som sperrar vegen
- Reinsking av stikkrenner
- Rydding av vegetasjon mot fjorden/langs vegen



Figur 34. Gamlevegen Bakka - Gudvangen, utsikt inn mot Gudvangen. Foto Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark, 2020.

10.13 Rimstigen til Breidalen, Aurland



Figur 35. Traseen til buførestien er merka med stipla line. Kart: fylkesatlas.no

Rimstigen er buføreveg/sti til fjellstølen Rimstigen, Breidalen og Røyrdotten som høyrer til gardane på Bakka og Tufte. Frå gamalt av var Rimstigen ein ferdsleveg som blei nytta i samband med slått, styving og stølsdrift av gardane på Bakka og Tufto, og elles som samband over fjellet og mellom gardane/ grendene i både Jordalen, Dyrdal og Fresvik. Vegen går frå gardane ved fjorden og bratt opp over fjellsida til ca. 1300 moh. Deretter går vegen jamt nedover til stølane i Breidalen og Røyrdotten i

Jordalen som ligg ca. 6-700 moh. Fjellstølen Rimstigen ligg ca. 725 moh i eit bakkehell like ved Tuftaelvi. Stølsvollen bestod av 11 sel og seltufter. Stølen vart sist brukt under andre verdskrig av husmannen Peder Flæthe.

Sommarstølen låg i Breidalen der det er eit stort område med gode beiter. Området har opp til seinare tid vert nytta som beite. Det går bilveg til stølen og vidare til stølane i Fresvikjordalen via Nærøydalen og Jordalen. Stølen Røyrdotten ligg eit par kilometer lenger sør for stølen i Breidalen og her var det drift fram til 1980-talet.

I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er Rimstigen peika på som viktig heilskapleg kulturmiljø og kulturminne. Det er laga skjøtselsplan for Rimstigen (Aurland Naturverkstad 2006). Deler av murane på stien er restaurert, og den gamle stien er rydda fram att på fleire stader. Det vert gjennomført årleg slått og rydding på stien. Murane på stien treng jamleg vedlikehald for å unngå at murane raser ut.

Dei seinare åra har Rimstigen blitt meir og meir populær som turveg. I Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden vert vegen Rimstigen – Breidalen frå Bakka til Jordalen og til Breiskrednosi – Vassete – Dyrdal trekt fram som viktige ferdslevegar som bind bygdene saman.

Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av murar som rasar ut.
- Årleg vedlikehald.
- Tiltak i tråd med føringane i skjøtselsplan for Rimstigen



Figur 36. Parti frå Rimstigen. Foto Anbjørg Nornes, 2020.

10.14 Kulturmiljøet på Bakka og Tufto, Aurland



Figur 37. Bakka og Tufto.
Kart: fylkesatlas.no

Gardane på Bakka og Tufto er gamle gardar, ei datering av eldhuset på gb. 65/1 til 1278 viser til dette. Etter svartedauden var gardane lagt øyde her i lang tid og først i skattelista frå 1563 finn vi prov på at gardane var tatt i bruk att. Lenge var det berre eitt bruk her, men kring 1700 vart Tufto skild ut som eigen gard. Samstundes så var det tre bruk på garden Bakka. Folketalet steig utover til 1850, då det vart registrert til saman 70 menneske på Bakka og vel 30 på Tufto. Begge gardane hadde husmenn til og ved Borgastrondi vart det danna eit lite miljø med husmenn og strandsitjarar. I tillegg var det her naust til gardane på Bakka. På Tufto var det 3 husmenn i 1850.

Bakka sokna i mange hundre år til Undredal kyrkje, men vegen var lang for mange av dei inne i Nærøy som sokna til kyrkja. I 1855 vart det oppretta eit eige sokn i Nærøy og kyrkja til dette soknet vart lagt til Bakka. Kyrkja vart teikna av teikna av arkitekten Christian Henrik Grosch og vigsla i 1859.

Bygningsmiljøet på Bakka og Tufto består av mange godt bevarte bygningar frå 1800-talet, enkelte av bygningane er eldre. Det eldste daterte huset er eldhuset på gb. 65/1 som er datert til 1278.

Bygningsmiljøet er variert med bygningar knytt til ulike sider ved gardsdrifta og til dei ulike sosiale klassane. For meir omtale av bygningsmiljøet sjå Restaureringsplanen frå 2014.

I tillegg til bygningsmiljøet finn vi her eit godt bevart kulturlandskap som framleis er i drift. Det finnes fleire landskapselement her som er viktige for opplevinga og forståinga av korleis landskapet har vore brukt. Element i kulturlandskapet som er viktige å ta vare på er gamle vegfar/stiar, steingardane, rydningsrøyser, slåttemark, styvingstrær, bryggjer og murar i sjøen.

Bakka og Tufto er eit heilskapleg kulturmiljø med bygningar og kulturlandskap som i dag er godt bevart og med få moderne inngrep. Mangfaldet av kulturminne i området er stort og bidreg til at det har ein høg kulturhistorisk verdi.

Prioriterte tiltak:


- Istandsetjing av steingjerder og bakkemurar som rasar ut.
- Istandsetjing av eldre bygningar.
- Skjøtsel av kulturlandskapet.





Figur 38. Steinmur på Ternesteinane. Foto Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark, 2020. Figur 39. Borgagjerdao på Bakka. Foto Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark, 2020.

10.15 Kulturmiljøet i Dyrdal, Aurland



Figur 40. Dyrdal. Kart: fylkesatlas.no

Dyrdal har ein sentral plassering ved fjorden og lett tilgang til ressursane i fjellområda og hatt busetjing i svært lang tid. I høgmellomalderen reknar ein med at de kan ha budd mellom 20 og 30 menneske i Dyrdal. Det gamle tunet ligg på ein terrasse omlag 200 meter opp frå sjøen og består av fleire bruk. Seinare har det også blitt bygd gardstun nede ved sjøen. Vidare oppover dalen ligg tuna til gardane Drægali og Drægo med omkringliggande kulturlandskap. Alle gardane samt Styvi hadde fjellstølar på Hjølmo og Vassete.

Kulturlandskapet i Dyrdal består av slåttemarker, bakkemurar, styvingstrær, utløer og stiar i tillegg til husa i tuna. Den kulturhistoriske verdien av området er knytt til heilskapen i området og den vertikale driftsstrukturen frå fjorden og opp til stølane i fjella som her er svært godt bevart.

I 1950 vart det bygd ny køyreveg frå sjøen og opp til Drægo og vidare mot stølane. Denne hadde ein annan trasé enn den opphavlege vegen, og den gamlevegen mellom hovudtunet i Dyrdal og Drægali er ein av dei best bevarte av dei gamle vegane og stiane i Dyrdal. Det er skredfar over vegen på fleire stadar. Desse stadane må ryddast, og på nokre stadar kan det vera trong for sikring på glatt svaberg i skredfaret. Nokre av dei gamle murane må restaurerast. Ved istandsetting av gjerde langs vegen bør det setjast opp gjerdestolpar av einer. Det må leggjast nye klopper over småbekkar.

I tillegg til Gamlevegen er det mange gamle stiar i Dyrdal. Stien frå bygdavegen til Jeiskalid er veg til slåttemarkene, og den gamle stien til Drægali. Det går også stiar til stølane Hjølmo, Vassete og Styvisdalen. Mellom grendene er det sti frå Hjølmo til Handadalen og vidare til Fresvik. Ein annan sti går frå Hjølmo via Styvisdalen til Fresvikjordalen.

For meir omtale av kulturlandskapet sjå *Dyrdal i Nærøyfjorden. Plan for skjøtsel og tilrettelegging* og *Stølen Hjølmo og Gamlevegen i Dyrdal – Tilstand og skjøtsel. Rapport nr. 13-2016.* For omtale av bygningsmiljøet sjå Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden frå 2014.

Dyrdal har eit godt bevart og heilskapleg kulturmiljø med forholdsvis få moderne inngrep. Der samspelet mellom den eldre bygningsmassen og kulturlandskapet rundt er lett lesbart. I *Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden* er det fleire stiar/vegar i Dyrdal som vert trekt fram som viktige ferdslevegar som bind bygdene saman. Der er også bygningsmiljøet på Dyrdal vurdert til å vere av særskild verdi knytt opp til fjord og dalføre.

Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av steingardar og bakkemurar som har rasa ut.
- Istandsetjing og vedlikehald av Gamlevegen i Dyrdal samt eldre stiar og vegfar.
- Tiltak i tråd med *Stølen Hjølmo og Gamlevegen i Dyrdal – Tilstand og skjøtsel. Rapport nr. 13-2016.*
- Tiltak i tråd med *Dyrdal i Nærøyfjorden. Plan for skjøtsel og tilrettelegging*



Figur 41. Dyrdal. Foto Anbjørg Nornes, 2019.




Figur 42. Dyrdal. Foto Anbjørg Nornes, 2019.



Figur 43. Galmevegen i Dyrdal. Foto Anbjørg Nornes, 2015.

10.16 Kulturmiljøet på Hjølmo, Aurland



Figur 44. Stølen på Hjølmo. Kart: fylkesatlas.no

Hjølmo var støl for både gardane i Dyrdal og på Styvi og ligg i eit knutepunkt mellom dalane Vassete, Styvisdalen og Handalen. Fleire av stølshusa er her bevart, men dei fleste av dei er endra og

modernisert. Dei eldste tuftene på Hjølmo er svært gamle, og kan vere frå mellomalderen. Det er fleire steingardar rundt stølen, der hovudbøen på Hjølmo er omkransa av ein steingard som vert kalla Bjørnamuren. Denne steingarden skulle halde beitedyra borte frå slåttemarka på stølen. I kvart hjørne av steingarden står det restar etter vardar. I desse vart det gjort topp eld for å skremme bjørnen vekk frå stølen. Ein annan teig her er innramma med ein eigen steingard. Dette er teigen som tilhøyrde Drægo og Drægali. Denne muren er truleg nyare enn bjørnemuren. For meir detaljar, sjå *Stølen Hjølmo og Gamlevegen i Dyrdal – Tilstand og skjøtsel. Rapport nr. 13-2016*.

Mellom Hjølmo og Vassete er det ein steingard som er skilje mellom stølen Hjølmo og fjellstølen Vasseste.

Hjølmo er eit heilskapleg kulturmiljø med stølshus, steingardar, slåtte- og beitemark. Kulturlandskapet og enkelte stølshus er godt bevart, medan andre stølshus har blitt modernisert.


Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av utrasa murar spesielt Bjørnemuren
- Vedlikehald av gamlevegen.
- Tiltak i *Stølen Hjølmo og Gamlevegen i Dyrdal – Tilstand og skjøtsel. Rapport nr. 13-2016.*



Figur 45. Hjølmo med stølsbygningar og steingard rundt slåtteteigen. Foto Anbjørg Nornes, 2017.

10.17 Kulturmiljøet på Skogane



Figur 46. Skogane. Kart: fylkesatlas.no

Skogane var opphavleg rydda som eit sjølvstendig bruk i løpet av første halvdel av 1800-talet. Bustadhuset, Skogastova, var ferdig bygd i 1838 og då var bøane rydda, gjerder og bakkemurar bygde. Det var og på denne tida at rydningsrøysene her vart etablerte. På grunn av sjukdom vart ikkje garden busett og hus og løe sto tomt fram til 1875. Då vart Skogane husmannsplass under Framigarden i Dyrdal. Den var i bruk som husmannsplass fram til 1915, etter det vart den brukt til slåttenger og støl. Den gamle stien til Skogane går frå tunet i Dyrdal og i høgda bort til Skogane. I tillegg går det sti ned til Salthella og tilbake langs fjorden til Dyrdal. Alle desse stiane er gamle ferdselsvegar. For meir omtale av Skogane sjå *Skjøtselsplan for Skogane, ein husmannsplass i Dyrdal, Nærøyfjordområdet.*

Dei siste åra er det gjennomført slått av urterik slåttemark på Skogane i tråd med tilrådingar i skjøtselsplan og kulturlandskapet framstår i dag som meir ope. Skogastova er sett istand att men det er behov for istandsetjing av andre bygninga samt istandsetjing av dei gamle steinmurane. Gamle styvingstrær av bjørk frå Salthella og opp er viktige å ta vare på.

Skogane framstår i dag som eit heilskapleg kulturmiljø utan moderne inngrep. Heilskapen mellom kulturlandskapet og dei bevarte bygningane er ei god kjelde til kunnskap om leveforholda til husmenn i området på 1800-talet. I Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden vert Skogane vurdert til eit av kulturmiljøa som har ein særskild verdi i verdsarvområdet.


Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av steinmurar,
- Skjøtsel av kulturlandskapet og styvingstrær.
- Stiane treng årleg vedlikehald med slått og rydding.
- Tiltaka må gjennomførast i tråd med retningslinene i *Skjøtselsplan for Skogane, ein husmannsplass i Dyrdal, Nærøyfjordområdet.*



Figur 47. Slåtteeng og steingard på Skogane. Foto Anbjørg Nornes, 2018.

10.18 Kulturlandskapet på Bortomteigane, Aurland



Figur 48. Bortomteigane. Kart: fylkesatlas.no

Bortomteigane ligg på vestsida av Aurlandsfjorden, og var viktig beiteområde for fleire av gardane i Aurland. Dette kulturlandskapet godt synleg frå fjorden og frå Aurlandsvangen. Bortomteigane er

omtalt i forvaltningsplanen som nokre av dei viktigaste, skjøtselskrevjande kulturmarkstypane i området. Det er ikkje gjennomført nyare registrering av vegetasjon og kulturminne, men det bør gjennomførat registrering i området, og lagast ein plan med prioritering av skjøtsel av kulturlandskap med kulturminne i Bortomteigane. Kulturminne som uteløer og steingardar er ein viktig del av kulturlandskapet.

Høydalen er ein av stølane i Bortomteigane. Der står eit stølshus i Myri og nokre få uteløer. Utløene har behov for istandsetjing. I *Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden* er naturbeitemarka og hagemarka med lind på Bortomteigane trekt fram som eit døme på nokon av dei viktigaste skjøtselskrevjande kulturmarkstypane i verdsarvområdet.


Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av steingardar
- Utarbeiding av ein skjøtselsplan for kulturmiljøet
- Istandsetjing av utløene i Høydalen.



Figur 49. Bortomteigane. Foto: Kristoffer Ullern Hansen, 2020.

10.19 Frønnes og Frondalen



Figur 50. Frønnes med Frondalen og stølane Håvasete og Lintu. Kart: fylkesatlas.no

Frønnes er eit markert nes på vestsida av Aurlandsfjorden. På neset er det eit gravfelt med fleire automatisk freda gravrøyser. Garden Otternes på andre sida av fjorden hadde stølar på Frønnes og i Frondalen. I Frondralen var det stølsdrift fram til 1963 og vegen opp til stølen var då farbar med kløv. Området har tidlegare vore brukt som slåttemark og beitemark for geit. Slåttemarka er inngjerda av eit steingjerde som skulle halde beitedyra ute. Steingjerdet er framleis godt bevart over lengre strekkjer, men det har behov for istandsetjing. På Frønnes utnytta ein også krafta frå elva til kvernhus og sag. Elva var ei viktig kraftkjelde og garden Ohnstad hadde fleire kvernhus på staden. Frå kring 1800 var det her og drift i eit sagbruk. Både sagbruksdrift, slått og geitebeite på Frønnes opphøyrde i løpet av 1940-talet, kverndrifta vart avslutta før dette. Det er framleis bevart veiter og murar som fortel om denne bruken av området. Området vert i dag nytta til bete for sauer og geiter

Gardsbruket Frondalen låg på eit høgdedrag over Frønnes. I dag er det berre murane att etter garden. Stien frå Frønnes går til Frondalen og vidare til fjellstølane og Raundalen i Voss herad .Frå Frønnes gjekk stølsvegen opp til stølane Håvasete og Lintu, stølsvegen var bratt og fleire stader er den mura opp med tørrmur i svingar oppetter lisida. På enkelte punkt har vegen behov for istandsetjing av desse murane. Det vert sagt at kong Sverre gjekk denne vegen då han drog frå Voss og tilbake til Valdres og Opplanda. Sjå Skjøtselsplan for Frønnes (Rapport nr. 6 – 2006) for meir detaljar om skjøtsel av kulturminne. I 2020 er det rydda ein del skog rundt kulturminna på nordsida av elva.

Prioriterte tiltak:

- Steinmuren på Frønnes treng restaurerast på fleire punkt.
- Istandsetjing av skada murparti på stølsvegen til Frondalen.
- Skjøtsel av kulturlandskapet i tråd med tiltaksplan i skjøtselsplanen: Frønnes i Aurlandsfjorden. Skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv.




Figur 51. Steingjerde på Fronnes. Foto Anbjørg Nornes, 2020.



Figur 52. Steinmur på stien til Frondalen. Foto Jorunn Ospedal Vallestad, 2020.

10.20 Kongevegen i Nærøydalen



Figur 53. Nærøydalen, traseen til Kongevegen går delevis parallelt med E16. Kart: fylkesatlas.no

Den bergenske kongeveg vart opna i 1793 og var den første køyrevegen mellom Bergen og Christiania (Oslo). Ein del av traseen gjekk frå Gudvangen opp til Stalheim. Delar av traseen er framleis bevart, men den er ikkje lenger ein samanhengande veg, då E 16 er bygd på delar av traseen. I rapporten *Kongevegen i Nærøydalen* har Kåre Olav Aldal har registrert dei bevarte delane av vegen. Ein ser her at den har ulik grad av autentisitet, ein del av dei er skada av ras og nokon har vore brukt som bilveg, medan andre delar er godt bevart og har ei høg grad av autentisitet.

Ei gjennomgåande utfordring for vegen er attgroing og ras. Fleire av delstrekningane på vegen har behov for jamleg vedlikehald i form av rydding etter ras og rydding av vegetasjon slik at vegen vert framkommeleg. For meir informasjon sjå rapporten *Kongevegen i Nærøydalen*.


Prioriterte tiltak:

- Delar av strekningane på kongevegen bør setjast i stand.
- Prioritering og istandsetjing må gjerast med utgangspunkt i rapporten *Kongevegen i Nærøydalen*.



Figur 54 og Figur 55. Kongevegen i Nærøydalen. Foto Bengt Erlend Skjerdal/Nærøyfjorden verdsarvpark, 2020.

10.21 Hemri/Hemre, Aurland




Figur 56. Kart over området med Hemri og Skjerpi. Kart: fylkesatlas.no

Garden Hemre, også omtala som Hemri, har ei lang tidsdjupne. Etter svartedauden vart garden liggande øde, truleg fram til kring 1550-talet. Tunet på garden låg på ei slette på nordsida av Nærøydalselva fram ti 1934 då det gjekk eit stort ras like inn i tunet. Eit par hus vart då øydelagt og tunet vart no flytta til Skjerpi på sørsida av elva. I dag vert marka beita og det er tilrettelagt for laksefiske i elva og det er sett opp nokon campinghytter til utleige for laksefiskarar.

Prioriterte tiltak:

- Generell skjøtsel av kulturlandskapet

10.22 Husmannsplassen Hausen i Lærdal



Figur 57. Hausen. Kart: fylkesatlas.no

Kulturminna på husmannsplassen Hausen består av ruinane etter fleire bygningar i tillegg til slåttemarker med bakkemurar og to stiar, ein frå fjorden og opp til Hausen og ein frå tunet og bort til elva der ein henta vatn. Husmannsplassen ligg i eit område som har ingen nyare inngrep og omgjevnadane er såleis særs godt tatt vare på. Hausen gjev oss i dag kunnskap om korleis ein fann ein leveveg på til dels utilgjengelege stadar i verdsarvområdet. Ved å forme landskapet med stiar og bakkemurar, samt nytte utmarksbeita var det her mogleg å finne nok utkomme til at ein kunne livnære seg.

På Hausen er særskild stiane viktige å halde ved like. Stien til elva er delevis øydelagt og har behov for å setjast istand. Bakkemurane er i god stand. Når det gjeld ruinane etter bygningane på husmannsplassen er det i verneforskrifta opning for at ein kan setje opp nye hus på desse og det er utarbeida planar for dette. Dersom det er aktuelt å setje opp nye hus vil det også bli aktuelt å setje istand grunnmurane.

Prioriterte tiltak:

- Vedlikehald av stiane og bakkemurar.
- Skjøtsel av kulturlandskapet.





Figur 58 og Figur 59. Biletet til venstre syner bakkemurane på Hausen. Biletet til høgre syner ruinane frå fjøset. Foto A. Bidne/SFF 2019




Figur 60 og Figur 61. Biletet til venstre syner ruinen etter bustadhuset på Hausen. Biletet til høgre syner eit parti frå stien frå Hausen til elva der dei henta vatn. Foto A. Bidne/SFF 2019.

10.23 Stølsvegen frå Engi til Helgedalen, Vik



Figur 62. Stølsvegen frå Engi til Helgedalen er merka med stipla line i kartet. Kart: fylkesatlas.no

Stølsvollen Engi som ligg like utanfor verdsarvområdet har vore vår- og hauststøl for mange bruk i Fresvik. Dette var ein av dei største stølane i Fresvik med til saman 22 stølshus i 1912. Frå Engi går stølsvegen vidare inn til Helgedalen som ligg inne i verdsarvområdet. Helgedalen var ein fjellstøl, truleg opphavleg brukt av husmenn som ikkje hadde hest og var avhengige av kort stølsveg. Det har tidlegare vore to avlange steinsel i dalen. No er det berre murene att, i tillegg til nokre fleire seltufter. Rommet under ein stor stein blei brukt til fjøs. Nilsagjerdeselet, var i bruk til om lag 1950.

Vegen frå Engi til Helgedalen har stor kunnskapsverdi. Han fortel mykje om landbrukshistoria og livsvilkåra til husmenna i Fresvik, i tillegg til utmarkshistoria og samferdslehistoria. Det finst i tillegg fleire gamle segner knytt til vegen og stølsområdet. Opplevingsverdien er knytt til estetiske verdiar, symbolverdi og identitetsverdien. Vegen har dessutan relativt stort bruksverdi i samband med sauer på sommarbeite og med friluftsliv.

Delar av vegen er rasutsett og det vil vere behov for tiltak for vedlikehalde den etter kvar gong den vert skada av ras.

Prioriterte tiltak:


- istandsetjing av vegen når det går ras som øydelegg den.





Figur 63: Helgedalen. Foto: Anne Marie Bøtun Øyri, 2019. Figur 64. Helgedalen. Foto Anne Marie Bøtun Øyri, 2019.

10.24 Stølsvegen frå Engi til Fresvikjordalen med Fresvikvarden, Vik



Figur 65. Stølsvegen frå Engi til Fresvikjodalen er merka med stipla line. Kart: fylkesatlas.no

Stølsvegen frå Engi til Fresvikjordalen var lang og tidvis utfordrande å gå. Frå heimestølen Engi og til Øvstedalen er det om lag 22 km, til Nedstedalen er det om lag 30 km. Stølsvegen går via Tundalen og over fjellet, søraust for Fresvikbreen og forbi Fresvikvarden. Ein må krysse fleire skred i Tundalen. På Klepp var det ein kvileplass. Ved Fresvikbreen måtte ein krysse to store snøfonner, Gryteskarvbreen og Langafonni. Rjupeskar er høgste punktet på vegen med 1344 m. Den lange vegen fortel mykje om kor viktig stølsområda var for bøndene i Fresvik. På stølen var det tidlegare kyr og geiter, og det vart produsert ost her. Stølinga i Øvstedalen tok slutt i 1953 og i Nedstedalen i 1954.

Langs stølsvegen ligg Fresvikvarden på 1180 moh er ein stor varde og landemerke på stølsvegen. Den hadde truleg funksjon som offervarde. Det stikker ut to «armar» i form av stein. Den eine seiast å peike mot Fresvik, den andre mot Øvstedalen. Ei segn fortel om varden og eigedomstilhøve i Jordalen. Varden er truleg fleire hundre år gamal.[3] Fjellområda her har vore tatt i bruk av menneske langt tilbake i tid og det er her fleire automatisk freda kulturminne. Ved Styvidalsvatnet, ikkje langt frå Fresvikvarden, er det registrert seks fangstanlegg som er automatisk freda.

Stølsvegen går over fjellparti og gjennom skred i Tundalen. Det er naudsynt med årleg vedlikehald av vegen på grunn av ras. Varden har per i dag ingen synlege skader, men det har vore uttrykk bekymring for at delar av den held på å skli ut.

Stølsvegen frå Fresvik til Fresvikjordalen har høg kunnskapsverdi knytt til landbrukshistorie, samferdslehistorie og utmarkshistorie, og opplevingsverdi knytt til estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi og identitetsverdi. Bruksverdien er nokså høg også, sidan stølsvegen framleis er i bruk for sauer, og vegen er skilta som tursti. I tillegg har stølsvegen og varden ein høg formidlingsverdi.

Fresvikvarden representerer kunnskapsverdiar innan landbrukshistorie, sosialhistorie, samferdslehistorie og utmarkshistorie. Varden har stor opplevingsverdi på grunn av storleiken, i tillegg til symbolverdien, og den estetiske verdien. Den har framleis stor bruksverdi som vegvisar langs stølsvegen og turstien, i tillegg til ein formidlingsverdi.

Prioriterte tiltak:

- Utbetring av skadar som fylje av ras, jamleg vedlikehald av vegen..
- Overvaking av at varden ikkje held på å skli ut. Behov for meir kunnskap om tilstanden på varden.

[3] Kulturminneplan for Vik. Verdivurderingsskjema.



Figur 66. Stølsvegen til Fresvikjordalen. Foto: Anne Marie Bøtun Øyri, 2019.





Figur 67. Stølsvegen Fresvikjordalen. Foto: Anne Marie Bøtun Øyri, 2019. Figur 68. Steintrapp Engi-Fresvikjordalen. Foto: Anne Marie Bøtun Øyri, 2019.



Figur 69. Fresvikvarden. Foto Anne Marie Bøtun Øyri, 2020.

10.25 Lægdavegen, Vik



Figur 70. Stølsvegen til Lægdene er markert med stipla line. Kart: fylkesatlas.no

Lægdene er fjellstølen til gardane på Fresvikåsen, Simlenes, Solheim, Svea og Gønli. Stølsvegen blir kalla Lægdavegen og gjekk frå gardane på Fresvikåsen og oppover lia mot sørvest. Frå Simlenes og Solheim gjekk folk opp Simlenesdalen til Grønli, der dei møtte vegen frå Svea. Så gjekk dei vidare via Sørdalen og Nysagi. Lægdaskaret er høgste punktet på stølsvegen, 950 moh. Før i tida brukte folk 2-3 timar for å gå stølsvegen med bør.

Stølsvegen til Lægdene har ein kunnskapsverdi med tanke på landbrukshistoria og utmarkshistoria. Av opplevingsverdiar kan det nemnast estetisk verdi, symbolverdi og identitetsverdi. Bruksverdien er stor sidan stølsvegen framleis blir brukt til å sleppe kyr på beite i stølsområdet i tillegg til at den er ein mykje brukt tursti. Her kan det på sikt bli ein del slitasje på vegen som gjer det naudsynt med tiltak.


Prioriterte tiltak:

- Jamleg vedlikehald av vegen.



Figur 71. Stølsvegen til Lægdene. Foto Arlen Bidne/VLFK 2020.

10.26 Nåli, Voss



Figur 72. Nåli, vegen mellom Stalheim og Jordalen er merka med stipla line. Kart: fylkesatlas.no

Nåli er ein gamal husmannsplass under Sivle gard som ligg på ei fjellhylle ved den gamle ferdselsvegen mellom Jordalen og Stalheim. Dei første skriftlege kjeldene fortel om ein husmann på Nåli i 1870. Det har vore 4 husmenn i Nåli og plassen vart fråflytta på 1920-talet. Dei siste åra plassen var i bruk budde ein ikkje her om vinteren, men nytta den i vårknipa og om sommaren. Engene vart slått og høyet vart bore til Sivle gard fram til 1960-talet. Etter at plassen vart fråflytta stod husa att. I dag er det kun grunnmurane som står att etter dei to husa, stovehuset og eldhuset.

Over Nåli går ferdslevegen mellom Stalheim og Jordalen langs ein steingard som er eit tydeleg skilje mellom innmarka på garden, ferdslevegen og utmarka. I tillegg til hustuftene og vegen består kulturmiljøet av ei kolgrop, steingard, brønn, rydningsrøyser, slåttemark og eit styvingstre.

For å få fram kulturminna i Nåli er det behov for å rydde vegetasjonen slik at hustufter og rydningsrøyser igjen vert synlege. Muren ved ferdslevegen er delvis samanrast og har behov for å bli reparert. Ferdslevegen har behov for jamleg vedlikehald slik at den framleis kan nyttast.

I Forvaltningsplan for *Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden* vert vegen frå Sivle til Jordalen trekt fram som ein av dei viktige ferdslevegane som bind bygdene saman.

Prioriterte tiltak:


- Nåli bør takast vare på i samsvar med tiltaka i *Skjøtselsplan for husmannsplassen Nåli i Nærøyfjorden landskapsvernområde.*
- Vedlikehald av ferdslevegen mellom Stalheim og Jordalen.
- Ved husmannsplassen Nåli bør ein prioritere rydding av vegetasjon.



Figur 73. Bilete syner attgroinga i Nåli. Foto Anbjørg Nornes 2019.

Figur 74.på Biletet til høgre kan hustuftene så vidt skimtast under der personen står. Foto Anbjørg Nornes, 2019.

10.27 Kulturminna i Stalheimskleiva, Voss



Figur 75. Kartutsnitt som viser kulturminna i Stalheimskleiva. Bevarte delar av vegen frå 1780 er markert med gult i kartet. NB. Den nedste delen av traseen til den gamle vegen og restane etter brua over elva er ikkje markert på kartet.. Kart: Askeladden

I Stalheimskleiva er det ei rekkje kulturminne som fortel mykje om ferdsla i området og kor viktig den har vore for kommunikasjonen mellom Austlandet og Vestlandet. I tillegg har området vore brukt av bøndene som budde her i deira gardsdrift. Med utviklinga av masseturismen frå slutten av 1800-talet vart området ved Stalheim ein viktig ferdsleplass. Stalheim hotell som ligg like utanfor grensene til verdsarvområdet var og er ein viktig destinasjon for turistane.

Landskapet som Stalheimskleiva er ein del av og som ein har utsikt til i frå Stalheimskleiva har og ein viktig plass i målarkunsten. Då det er dette landskapet som er motiv for Johan Christian Dahl sitt måleri «Fra Stalheim», som vert rekna som eit av hovudverka i den norske nasjonalromantiske kunsten. Forfattaren Per Sivle vaks opp like utanfor verdsarvområdet og landskapet her har også ein plass i hans forfattarskap, mellom anna i forteljinga «Berre ein hund» der Jordalsnuten spelar ei sentral rolle.

Med opninga av vegen Stalheimskleiva vart den ein attraksjon i seg sjølv og er i dag eit viktig kulturminne. Stalheimskleiva vart freda i medhald av lov om kulturminne i 2009. I tillegg til Stalheimskleiva er det her ei rekkje kulturminne knytt til bygginga av vegen, beite- og slåttemark med uteløer, turismeverksemda og forsvarsanlegg knytt til andre verdskrig (sjå omtale nedanfor). I 1780

stod kongevegen/Postvegen mellom Oslo og Bergen ferdig. Delar av denne traseen vart øydelagt i 1849 då ein bygde Stalheimskleiva. Framleis er delar av 1780-vegen bevart i kulturlandskapet.

Stalheim hotell hadde ein eigen kafé eit stykke nede i Stalheimskleiva. Her kunne turistane få kjøpt seg mat og andre forfriskingar. Kafeen var plassert slik at ein hadde god utsikt nedover Nærøydalen. Kafeen hadde også ein liten hage. Bygningen vart like før 1940 flytta og står i dag på kaien i Gudvangen der den er i bruk som suvenirbutikk. I dag er kun grunnmurane bevart.

Dei nyaste kulturminna i landskapet her er frå andre verdskrig. Vi finn her eit system med bunkersar og utkikkspostar/skytestillingar både innanfor og utanfor verdsarvområdet. I hagen til Stalheim hotell finn vi to bunkersar som ligg like utanfor verdsarvområdet. Frå desse har ein ei svært god utsikt ned over Nærøydalen som ligg inne i verdsarvområdet. Lenger ned i Stalheimskleiva er det to bunkersar og ein utkikkspost/skytestilling som ligg innanfor verdsarvområdet.

Heilskapen mellom dei ulike kulturminna i Stalheimskleiva har ein høg kulturhistorisk verdi då dei gjev kunnskap om det mangfaldet av bruk menneska har hatt av dette området. I området er det behov for at kulturlandskapet vert skjøtta vidare slik at det ikkje gror att. Dei bevarte delane av 1780-vegen er sterkt prega av attgroing og har behov for å bli sett istand. Etter at verneområdestyret har fjerna granskogen i Stalheimskleiva har grunnmurane og restane etter kafeen kome godt fram. Det er viktig at området har ei jamnleg skjøtsel med vegetasjon slik at desse kulturminna også i framtida er synlege. Statens vegvesen tek ansvar for vedlikehald og istandsetjing av Stalheimskleiva.

Bunkersane og utkikkspost/skytestilling nede i Stalheimskleiva har behov for noko istandsetjing. I hovudsak i form av rydding av vegetasjon i og rundt bunkersane og utkikkspost/skytestilling.

Prioriterte tiltak:

- Skjøtsel av kulturlandskapet for å hindre attgroing,
- Istandsetjing av krigsminne der dei er øydelagt.
- Skjøtsel av vegetasjon rundt grunnmuren til den gamle kafeen.
- Rydde og vedlikehalde parti av dei gamle stitraseane i Stalheimskleiva.



Figur 76. Stalheimskleiva etter at granskogen vart tatt ned, midt i biletet eit stykke av den freda Stalheimskleivi. Foto Arlen Bidne/VLFK 2020.





Figur 77. Bunkers i Stalheimskleiva. Foto Arlen Bidne/VLFK 2020. Figur 78. Parti av den gamle ferdavegen (før 1600-talet) opp til Stalheim. Foto. Arlen Bidne/VLFK 2020




Figur 79. Parti frå den gamle postvegen der den kryssar elva og går opp til Stalheim. Den opphavlege brua er gått tapt, men brukara er bevart. I bakgrunnen er den nye brua over elva. Foto Arlen Bidne/VLFK 2019.



Figur 80. Grunnmuren etter kafeen som stod i Stalheimskleiva og utsikta utover Nærøydalen. Vi ser her landskapet som var motiv for J. C. Dahl sitt måleri «Fra Stalheim» og Jordalsnuten som spelte ei viktig rolle i Per Sivle si forteljing «Berre ein hund». Foto Arlen Bidne/VLFK 2020.

10.28 Øvsthus og Fyrestølen, Voss



Figur 81. Garden Øvsthus er markert med blå prikk i kartet. Kart: fylkesatlas.no

Øvsthus var ein av dei høgastliggande gardane i Vossestrand, og ligg 605 moh. Ein er ikkje sikker på når garden vart rydda men i 1803 fekk Hallstein Hallsteinsson kongeskøyte på garden. Garden var tungdriven og i 1873 vart garden seld til eigaren av Fyre. Gardbrukarane på Fyre nytta slåttemarkene på Øvsthus fram til tidleg på 1950-talet. Etter dette har området vore nytta til beiteområde. Den siste gongen eit av husa i tunet vart nytta som bustad var ein vinter på slutten av 1930-talet i samband med vedhogst. Etter det har husa ikkje vore i bruk og i dag er det kun ruinar av husa som står att.

Øvsthus hadde, slik som mange gardar på vestlandet, fleire stølar. Vårstølen låg lenger opp i Øvsthusdalen ca. 15 min. gange frå tunet. Her er det berre restar av murar att. Sommarstølen var truleg i området Fyresdalen – Grindafletene.

Garden fyre har støl på Fyrestølen. Denne var i bruk fram til ca. 1850. I dag er det berre tuftene att av stølshusa. Ved Vedasteinsvatnet er det ein stein som vert kalla Vedastein. Denne vart brukt til å lagra ved under. Veden vart truleg nytta til stølsdrifta på Fyresstølen. På Fyresstølen står det att ei steinbu som vart sett opp i samband med tamreinsdrift i 1898-1900. Steinbua vart brukt som bustad av reinsgjetarane når dei var i fjellet og gjeta rein.

Prioriterte tiltak:

- Rydde skog i og rundt tuftene etter husa.
- Restaurering av steinbua på Fyrestølen.



Figur 82. Tufter på garden Øvsthus. Foto Jorunn Ospedal Vallestad, 2020.

11. Nye bygningsomtalar

11.1 Håvasete

Det ligg fleire stølar i Frondalen. Stølen Håvasete ligg på ei lita hylle over elva Frondøla og består av fleire stølshus og fjøs/driftsbygningar. Fleire av husa er i dag i ruinar men det er framleis bevart eit steinsel som er i bruk. I tillegg er det to/tre nyare bygningar på stølen. Det er framleis beite i området om sommaren og stølshusa vert brukt i samband med tilsyn med sauene.

Prioriterte tiltak:

- Istandsetjing av steinsel.



Figur 83. Stølen Håvasete. Foto: Jorunn Vallestad, 2020.

11.2 Lintu

Stølen Lintu tilhøyrer garden Ohnstad og ligg ved Lintuvatnet i Fronndalen. Opphavleg var dette ein støl med mange stølshus men i dag er det kun eitt som står att. Dei mange tuftene/ruinane etter dei andre stølshusa er i dag eit karakteristisk trekk ved stølsvollen. Lintu ligg langt til fjells og det er svært bratt opp, noko som gjer at det nok har vore utfordrande å frakta opp byggematerial. Stølshusa her har primært vore i stein som dei sannsynlegvis fann i nærområdet. I dag er det eitt av steinsela som står og er i bruk og eitt som delevis står, men der taket har rasa saman. Det attverande stølshuset på Lintu er eit steinsel. Stølshuset vart skada i skred i 2020 og det er behov for å setje det istand att. Stølsområdet vert beita om sommaren og stølshuset vert brukt i samband med tilsyn til sauene.

Prioriterte tiltak:

- Istandseting av steinsel.



Figur 84. Stølshus på Lintu. Foto: Jorunn Vallestad, 2020

11.3 Suvenirbutikken Gamlo i Gudvangen

Suvenirbutikken Gamlo på kaien i Gudvangen var opphavleg bygd som kafé i Stalheimskleivi. Kafeen, som vart kalla Paviliongen, var plassert slik at turistane hadde ein plass å ta pause på veg frå Gudvangen til Stalheim hotell. Kafeen var plassert med gavlveggen ut mot Nærøydalen slik at turistane hadde ei panoramautsikt utover dalen. Bygningen er i sveitserstil med mykje dekor i gavlpartiet over inngangsdøra. Det er usikkert kor mykje bygget vart endra då det vart flytta til Gudvangen og bygd saman med eit anna hus, men hovudforma på kafeen og mange av detaljane i dekoren er framleis godt synlege i bygget slik det no står. Bygningen står i dag heilt nede på kaia i Gudvangen.



Figur 85. Utsnitt av stereofotografi som syner utsikta frå Stalheim hotell og nedover Nærøydalen. Utsnittet syner kafeen i Stalheimskleiva. Foto H. C. White, 1885-1903, UIB Marcus.



Figur 86. Kafeen som opphavleg stod i Stalheimskleiva og vart flytt til Gudvangen like før 1940 og er i dag nytta som suvenirbutikk. Truleg er kafeen den fremre delen av dagens suvenirbutikk. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2020

11.4 Bustadhus og driftsbygning på gb.nr. 65/4 og driftsbygning på gb. 65/6 på Bakka

Både våningshuset og driftsbygningen er i SFRAK-registeret tidfesta til å vere frå første halvdel av 1800-talet, men delar av bustadhuset kan vere eldre. Både bustadhuset og driftsbygningen er i gjeldande plan regulert til verna av kulturminne. Våningshuset har blitt ein del endra men framleis er det bevart nokon eldre vindauga og ein god del av interiøret. Av spesiell verdi er det dekormåla interiøret i den nordre delen av bygningen.

Driftsbygningen som står der vart i perioden 1900-05 delt og eine delen vart seld til bruksnummer 8 på nedsida av vegen for tunet til bruk nr. 4. Denne delen er framleis bevart her. Dette fortel mykje om korleis ein i den tida nytta dei ressursane ein hadde tilgjengelege. Begge delane av driftsbygningen er i gjeldande plan regulert til verna kulturminne.



Figur 87. Våningshuset på gb.nr. 65/4 Foto Stig Nordrumshaugen/SFF 2018.



Figur 88. Driftsbygningen på bruk 4. Foto Stig Nordrumshaugen 2018



Figur 89. Driftsbygningen på bruk 6 i 2018.

11.5 Stølsvollen på Lægdene



Figur 90. Stølsvollen på Lægdene. Foto Arlen Bidne/VLVK 2020.

Stølsvollen på Lægdene er eit godt bevart kulturmiljø med fjellbeite og stølshus. Det er beitedyr i området noko som hindrar attgroing av kulturlandskapet. Stølshusa har ulik tilstand der nokon er godt bevart medan andre vil ha behov for istandsetjing. For å bevare dei kulturhistoriske verdiane på stølsvollen er det viktig at dei vert sett istand etter antikvariske retningsliner.

I samband med istandsetjing må ein prioritere dei bygningane som har høgast grad av autentisitet.

12. Kulturminne og kulturmiljø som må omtalast ved neste revidering

Då arbeidet med revideringa av restaureringsplanen i hovudsak har basert seg på eksisterande kunnskap og det har vore avgrensa moglegheit til å gjennomføre nye synfaringar er det ein del kulturminne/kulturmiljø i verdsarvområdet som ikkje har blitt omtala og prioritert. I samband med neste rullering av restaureringsplanen vil mellom anna fyljande kulturminne/kulturmiljø undersøkjast nærare:

- Kraftanlegga i Sivleselva og Stalheimselva
- Indre Frønningen
- Norheimsdalen

Aurland kommune og Voss herad har nye kulturminneplanar under utarbeiding. I samband med neste rullering av restaureringplanen må ein sjå etter om det er kulturminne i desse planane som burde ha vore inkludert i restaureringsplanen.

Ein må også vere open for at det kan kome inn ny kunnskap om kulturminne i verdsarvområdet som ikkje er tatt med i denne planen. Desse bør i så fall inkluderast i samband med neste revidering av planen.

13. Vedlegg

Vedlegg 1: Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2014

Vedlegg 2: Status for istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet

Vedlegg 3: Restaureringsrettleiar

14. Kjelder

Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2007

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden2014

Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan 2007

Stortingsmelding nr. 16 /2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken

FN sine berekraftsmål https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal

FN https://www.fn.no/om-fn/fns-organisasjoner-fond-og-programmer/FNs-organisasjon-for-utdanning-vitenskap-og-kultur-UNESCO

Sogn og Fjordane fylkeskommune Kultur for alle. Regional plan for kultur 2019-2027 https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-plan-for-kultur---kultur-for-alle-2019-2027.pdf

Vestland fylkeskommune Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 Regional planstrategi

Kulturminneplan for Vik kommune 2018-2029 file:///C:/Users/arlbid/Downloads/Kulturminneplan_Vik_2018-2029_20181204_final%20(3).pdf

Kommunedelplan for Kulturminne og kulturmiljø 2018 – 2027, Lærdal kommune file:///C:/Users/arlbid/Downloads/Vedteken+Kulturminneplan.pdf

Kommunedelplan for kulturarv, Aurland kommune, høyringsutkast file:///C:/Users/arlbid/Downloads/Kommunedelplan+for+kulturarv+2020-2031+h%C3%B8yringsutkast[1].pdf

Planprogram for Kommunedelplan for kulturminne go kulturmiljø, Voss herad https://voss.herad.no/_f/p1/ibed7b650-0279-4aa5-bfc0-4ae5ac383b8e/20201120_planprogram_vosskm.pdf

Ulike rapportar:

Aldal, Kåre Olav Kongevegen i Nærøydalen 2019

Lykkja, Hanne, Gøran Johansen og Snædis Laufey Bjarnadottir Undredal. Ressurskartlegging – analyse – moglegheiter Rapport 2015

Kjerneområde landbruk i Vik kommune (fagrapport 2013)

Restaureringsplan for Styvi 2020

Skjøtselsplanar i området:

Bøthun, Siri Wølneberg Skjøtselsplan for Skogane, Ein husmannsplass i Dyrdal, Nærøyfjordområdet 2016

Bøthun, Siri Wølneberg Skjøtselsplan for Fronnes 2006

Bøthun, Siri Wølneberg Dyrdal i Nærøyfjorden. Plan for skjøtsel og tilrettelegging 2014

Bøthun, Siri Wølneberg Stølen Hjølmo og Gamlevegen i Dyrdal; Tilstand og skjøtsel 2006

Bøthun, Siri Wølneberg Slåttelandskapet Stokko; Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv 2006

Bøthun, Siri Wølneberg Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden. Eit viktigkulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv. Tiltaksplan for vegen som tursti, gardsveg og kulturminne 2008

Bøthun, Siri Wølneberg Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, Delområde Nærøyfjorden; Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv 2012

Enzensberger, Taarnvil Kulturlandskap på Indre Fønningen, Lærdal, Sogn og Fjordane. Biologiske verdier og skjøtsel 2013

Skjerdal, Ingunn Båtvedt Skjøtselsplan for husmannsplassen Nåli i Nærøyfjorden landskapsvernområde 2011

Andre kjelder:

Geitle, Geir Livet i Nåli Livet i Nåli (avisa Nordaland.no)

Gjerde, Anders Nærøyfjorden https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/09e607df-2c39-4008-b874-99838629cb7b/

Knagenhjelm, Trude Knutzen Grenda Bakka https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/29705586-120a-4364-87d0-8dfe56de7f86/

Ohnstad, Åsmund Garden Dyrdal https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/ccdbce41-09c6-4509-ae42-7d6ad9a03c30/

Ohnstad, Åsmund Stølsvegen til Rimstigen https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/6959e020-1d56-4004-9c4f-14d78a074001/

Ohnstad, Åsmund Stølen Langhuso i Undredalsdalen https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/d277dd35-932a-4352-b564-aa00ce857e6e/

Ohnstad, Åsmund Garden Hemri https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/9e956492-e181-4d21-8af8-65f621d53f9e/

Engan, Liv Rege Stølar i Vik 2004

Pridlao 02/2009